

# SEKOM-sekretariat

[www.sekom.no](http://www.sekom.no) | [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

## Bremanger kontrollutval

### Møteinnkalling

**Møtedato:** 03.09.2014  
**Møtestad:** Bremanger kommunehus, formannskapssalen  
**Møtetid:** Kl. 09:30

**Innkalling:** Faste medlemar i utvalet, forvaltningsrevisor (sak 21), rådmannen (sakene 22 – 25)

[Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: ah@sekom.no](mailto:ah@sekom.no)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

#### Sakliste

Sak nr.	Saktittel
019/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
020/14	Skriv og meldingar
021/14	Forvaltningsrevisjon: Prosjektrapportering og oppfølging - orientering
022/14	Kvalitets- og avvikssystem - orientering
023/14	Klage knytt til til habilitet i formannskapet ved handsaming av uttale i kraftlinesaka
024/14	Fiskerikai i Kalvåg / flytekai Leirgulen - orientering
025/14	Barneverntenesta - orientering
026/14	Oppfølgingsliste og merknader 3 - 2014

Med helsing

Harry Gulestøl  
Leiar

# **SEKOM-sekretariat**

<b>Saksgang</b> Bremanger kontrollutval	<b>Møtedato</b> 03.09.2014	<b>Saksnr</b> 019/14
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-033	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/165
---	-------------------------	-------------------------------

## **Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Vedlegg:**

**Tilråding:**

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Bremanger kontrollutval	<b>Møtedato</b> 03.09.2014	<b>Saksnr</b> 020/14
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-033, Komnr-1438	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/81
---	-------------------------------------	------------------------------

## Skriv og meldingar

### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
04.07.2014	Raport frå tilsyn med Bremanger kommune og Frøyen skule sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø	81
01.08.2014	Nytt medlem i kontrollutvalet	221
04.08.2014	Forvaltningsrevisjon: Val av nytt prosjekt 2014	229
06.08.2014	Møteplan hausten 2014 - Flytting av møte 16. oktober?	253
19.08.2014	Bremanger Revisjonsberetning Anna og Ole T Eikesets fond 2013	306
26.08.2014	KRYSS revisjon spelemiddelrekneskap Karlskaret epost 200814	343
26.08.2014	Revidert spelemiddelrekneskap Karlskaret Skytebaneanlegg Bremanger d 20 08 14	344

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



FYLKESMANNEN

I SOGN OG FJORDANE

TILSYNSRAPPORT

SKULEN SITT ARBEID MED ELEVANE SITT

PSYKOSOSIALE MILJØ

Bremanger kommune

Kalvåg oppvekst - Frøyen skule

2014

Dato:03.07.2014

## Innhald

.....	1
Samandrag.....	3
1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø.....	5
2. Gjennomføring av tilsynet .....	6
3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.....	7
3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll.....	7
3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen.....	10
3.3 Brukarmedverknad.....	14
4. Frist for retting av lovbrøt.....	16
5. Kommunen sin frist til å rette.....	18
Vedlegg 2    Oversyn over deltakarane i tilsynet.....	19
Vedlegg 3    Rettslege krav.....	20

## Samandrag

### Tema og føremål

Fylkesmannen opna 07.01.2014 tilsyn med skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø ved Frøyen skule i Bremanger kommune.

Dei overordna føremåla med tilsynet er å:

- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar driv eit aktivt og førebyggjande arbeid for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at dei tilsette på ein tilfredsstillande måte handterer krenkjande åtferd som dei får kunnskap eller mistanke om
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at elevar, foreldre, råd og utval blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne tilsynsrapporten.

### Gangen i tilsynet

- Varsel om tilsyn med pålegg om å sende inn utgreiing og dokumentasjon til kommunen og skulane 07.01.2014
- Mottak av dokumentasjon og utgreiing frå skulen 21.03.2014
- Dagsorden for tilsynet i brev datert 07.01.2014
- Opningsmøte 07.05.2014
- Intervju 06.05.2014 og 07.05.2014
- Varsel om vedtak og førebels rapport datert 11.06.2014
- Sluttmøte 20.06.2014
- Frist for tilbakemelding om varsel om vedtak og førebels rapport 02.07.2014
- Utsending av endeleg rapport 03.07.2014 og frist for retting av lovbrøt 05.10.2014

### Avdekte lovbrøt

#### Førebyggjande arbeid ved skulen, §9-4, jf. 9a-3 første ledd

1. Bremanger kommune skal sjå til at Frøyen skule arbeider aktivt, systematisk og kontinuerleg for å forhindre at uønskt åtferd oppstår. Bremanger kommune må i denne samanhengen sjå til at Frøyen skule:
  - Har systematikk i det førebyggjande arbeidet og eit heilskapleg evalueringssystem.

#### Det individretta arbeidet ved skulen, § 9a-3 andre ledd

2. Bremanger kommune skal syte for at dei tilsette ved Frøyen skule handterer krenkjande åtferd dei har kunnskap/mistanke om. Bremanger kommune må i denne samanhengen sjå til at Frøyen skule:

- a) Informerer alle som har sitt virke i skulen om handlingsplikta og sikrar at dei forstår innhaldet.
- b) Etablerer ein felles praksis for når dei tilsette skal undersøkje og gripe inn overfor krenkjande åtferd.
- c) Har eit forsvarleg system for varsling til leiinga og rutinar for korleis leiinga følgjer opp varslinga.

#### **Det individretta arbeidet ved skulen, § 9a-3 tredje ledd**

3. Bremanger kommune skal syte for at Frøyen skule handsamar oppmodingar om tiltak ved å fatte enkeltvedtak etter reglane om dette i forvaltningslova. Bremanger kommune må i denne samanhengen sjå til at Frøyen skule:
  - a) Orienterar foreldre og elevar som kjem med ei oppmoding om tiltak om retten til å få saka handsama som eit enkeltvedtak.
  - b) Fattar enkeltvedtak ved alle oppmodingar som gjeld elevane sitt psykososiale miljø.

#### **Brukarmedverknad, §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11**

4. Bremanger kommune skal sjå til at Frøyen skule involverer og engasjerer elevar og foreldre i skulemiljøarbeidet. Bremanger kommune må i denne samanhengen sjå til at Frøyen skule:
  - a) Har rutinar for å sikre at alle elevane på skulen blir involvert i skulemiljøarbeidet.
  - b) Opprettar samarbeidsutval med lovleg samansetning.
  - c) Har rutinar for å halde elevrådet, samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet orienterte om forhold som er av vesentleg betyding for skulemiljøet.

#### **Status på rapporten og vegen vidare**

I denne tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av lovbrøt som er avdekte under tilsynet. Fristen er 05.10.2014. Dersom lovbrøta ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

## **1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø**

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som offentleg skuleeigar, jf. Opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannen sin tilsyn på opplæringsområde er tilsyn med det lovpålagde, jf. Kommuneleova § 60 b. Fylkesmannen sine tilsyn med offentlege skular er utøving av mynde og skjer i samsvar med reglane etter dette i forvaltningsretten. Tilsynet skal vere prega av openheit, likebehandling og at det er etterprøvbart og effektivt.

Det blir gjennomført eigeninitierte tilsyn våren 2014 der temaet er skulen sitt arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, jf. opplæringslova kapittel 9a. Hovudregelen for tilsynet er § 9a-1, og dei andre reglane som er kontrollerte, må sjåast i lys av denne. Tilsynet er likevel avgrensa til berre å gjelde skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet.

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet er delt inn i tre hovudkategoriar:

- Det førebyggjande arbeidet ved skulen - § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.
- Det individuelt retta arbeidet ved skulen - § 9a-3 andre og tredje ledd.
- Skulen si plikt til samhandling og involvering med ulike råd og utval (brukarmedverknad) - §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11.

Denne tilsynsrapporten er å sjå på som eit førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16. Rapporten inneheld varsel om pålegg om retting av lovbrøt som er avdekte i tilsynet.

### **Opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system og § 9a-4 om internkontroll**

Det er ikkje ført særskilt tilsyn med opplæringslova § 13-10 andre ledd i dette tilsynet. Opplæringslova § 13-10 andre ledd er ein overordna regel som pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for oppfølging av alle lovkrava. I tidlegare tilsyn har det vore stor merksemd på internkontrollsystemet i kommunane. I det eigeninitierte tilsynet våren 2014 er det internkontrollen ved kvar enkelt skule knytt til elevane sitt psykososiale miljø det blir ført tilsyn med. Kravet til internkontroll i samband med dette er særleg regulert i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.

### **Kommunen sitt ansvar**

Sjølv om opplæringslova legg ansvaret på skuleleiinga for den daglege gjennomføringa og etterlevinga av dei kontrollerte reglane, er det kommunen som har det overordna ansvaret. Det er kommunen som skuleeigar som må syte for at skuleleiinga ved kvar skule etterlever krava og pliktene i lova, og at dei tilbyr dei tenestene og aktivitetane som lova omtalar.

Oppfyllinga av elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø skjer på skulen. Det er skuleleiinga og dei tilsette som i det daglege må arbeide for eit godt skulemiljø. Kommunen som skuleeigar er likevel øvste ansvarlege for at pliktene etter kapittel 9a blir oppfylte. Dette inneber at det er kommunen som er ansvarleg for oppfylling av elevane sine rettar sjølv om det tilsynet har undersøkt har vore handlingar som skjer i skulen. Kommunen er derfor adressat for eventuelle pålegg om endring i samsvar med opplæringslova § 14-1 tredje ledd.

### **Føremålet med tilsynet**

Det overordna målet med tilsynet er å rette fokuset mot og styrkje arbeidet med det psykososiale miljøet ved skulane og skulane si evne til å førebyggje og handtere krenkjande



åtferd. Gjennom kontroll med om skulane følgjer lovkrava på dette feltet, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast. Gjennom pålegg om endring skal slike forhold rettast opp.

Eit godt skulemiljø er ein viktig innsatsfaktor for ein god skule og for realisering av føremålsparagrafen i § 1-1 i opplæringslova. Manglar ved skulemiljøet kan føre til mistrivsel blant elevane, og det vil kunne ha direkte innverknad på læringsutbyttet deira.

### **Dei overordna føremåla med tilsynet er å:**

- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar driv eit aktivt og førebyggjande arbeid for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at dei tilsette på ein tilfredsstillande måte handterer krenkjande åtferd som dei får kunnskap eller mistanke om
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at elevar, foreldre, råd og utval blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet

**Det blir presisert at tilsynsrapporten ikkje gir ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og skulen. Rapporten omhandlar berre resultat knytte til det temaet som er valt.**

## **2. Gjennomføring av tilsynet**

Etter opplæringslova § 14-1 andre ledd har departementet heimel til å føre tilsyn med offentlege skular. Denne retten er delegert til Fylkesmannen. Fylkesmannen skal ha tilgang til skuleanlegg og dokumentasjon.

Tilsynet har vore utført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon, skriftlege utgreiingar og munnlege opplysningar.

Det er skulen som etter lova pliktar å sikre at den enkelte eleven får oppfylt retten sin til eit godt psykososialt miljø, jf. § 9a-1 og § 9a-3 første ledd. Skulen vil her seie: skuleeigar, skuleleiinga og dei tilsette ved skulen.

Bremanger kommune har etablert oppvekstsenter i kommunen med driftssjefar som leiarar for tenesteeininga. I Kalvåg finn vi Kalvåg oppvekst som består av Frøyen skule og Kalvåg barnehage og SFO. Vi vil i det vidare omtale barneskulen som Frøyen skule og driftsleiar som rektor.

### **Gangen i tilsynet**

- Varsel om tilsyn med pålegg om å sende inn utgreiing og dokumentasjon til kommunen og skulane 07.01.2014
- Mottak av dokumentasjon og utgreiing frå skulen 21.03.2014
- Dagsorden for tilsynet i brev datert 07.01.2014
- Opningsmøte 07.05.2014
- Intervju 06.05.2014 og 07.05.2014
- Varsel om vedtak og førebels rapport datert 11.06.2014
- Sluttmøte 20.06.2014
- Frist for tilbakemelding om varsel om vedtak og førebels rapport 02.07.2014
- Utsending av endeleg rapport 03.07.2014
- Frist for tilbakemelding frå kommunen om retting av lovbrøt 05.10.2014

### 3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar

Det er informert nærare om dei rettslege krava og kva dei inneber i opningsmøtet 07.05.2014. Dei rettslege krava er tekne med i vedlegg 3 til denne rapporten. Vi viser også til rundskrivet frå Utdanningsdirektoratet om elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, Udir-2-2010.

#### 3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll

For å oppnå eit godt psykososialt miljø er det ein naudsynt føresetnad at det blir drive eit førebyggjande arbeid som skal forhindre uønskt/krenkjande åtferd. Dette inneber at skuleleiinga må ha ei "føre var"-haldning til eventuelle situasjonar og utfordringar som kan oppstå i skulekvardagen, og som kan ha negativ innverknad på elevane sitt skulemiljø.

#### Rettslege krav

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet sin kontroll med det førebyggjande arbeidet ved skulen finst i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd. Skuleeigarar og skuleleiarar skal arbeide førebyggjande for å forhindre at uønskt åtferd oppstår. Det førebyggjande arbeidet skal vere aktivt, systematisk og kontinuerleg. Reglane presiserer plikta skulen har til å sikre at elevane sin rett etter § 9a-1 blir oppfylt. Sjå også vedlegg 3.

#### Dokumentasjon og vurdering

I samband med skulen sitt førebyggjande arbeid og internkontroll, har Fylkesmannen lagt vekt på følgjande:

##### Kan skulen dokumentere korleis ein jobbar med det førebyggjande arbeidet?

- Skulen har ordens- og trivselsreglar. Reglane skal mellom anna bidra til å fremje læring, trivsel og gode sosiale relasjonar. I § 2-1- står det at elevane gjennom god framferd skal vise ansvar, omsorg og respekt for andre menneske.
- Skulen har ein handlingsplan ved mobbing. Planen inneheld ein omtale av
  - Visjon for skulemiljøarbeidet
  - Arbeid med klassereglar
  - Elevsamtalen som ein del av det førebyggjande arbeidet
  - Inspeksjonsinstruks
  - Kompetanseheving for personalet
  - Fellestiltak – førebyggjande arbeid
  - Prioritering av det psykososiale miljøet og mobbing
  - Mål, ansvar og tiltak
  - Tiltak ved erting/plaging
  - Tiltak ved alvorleg mobbing
  - Informasjon om planen
  - Meldeskjema til driftssjefen
- I driftseininga sin delrapport til skuleeigar i samband med Kvalitetsmelding for oppvekstsektoren i Bremanger kommune 2012-2013 rapporterer rektor at skulen vil prioritere arbeidet med PALS<sup>1</sup>kommande skuleår.
- Det er laga plan for PALS-arbeider ved skulen våren 2014.

<sup>1</sup> Positiv åtferd, støttene læringsmiljø og samhandling (PALS). PALS er ei norsk tilpassing av dei skuleomfattande modellane for School-Wide Positive Behavioral Intervention and Support som m.a. er utvikla ved Universitetet i Oregon. Modellen er videreutvikla og tilpassa norske forhold av Atferdssenteret.

- Skulen har laga PALS-reglar som gjeld for klasseromma, dusj og garderobe og på turar. *Reglane presiserer forventningar til elevane når det gjeld områda ansvar, omsorg og respekt.*
- Steg for Steg<sup>2</sup>er teke i bruk i 5. klasse.
- Det er lagt fram ein plan for arbeidet med ulike tema i Steg for Steg 1.-4. klasse.

#### Har skulen sett seg skriftlege mål for skulemiljøet?

- Det går fram av handlingsplanen ved mobbing at mobbing ikkje skal tolererast og at skulen skal følgje opp mobbeoffer og mobbar i samarbeid med dei føresette. I tillegg er det sett opp følgjande delmål (strategiar, vår kommentar):
  - o gjennomføre førebyggjande tiltak på alle nivå i skulen
  - o gjennomføre tiltak som aukar personalet sin kompetanse i arbeidet mot mobbing
  - o gjennomføre tiltak som kan avdekkje mobbing
  - o ha beredskap og tiltak når mobbing skjer
  - o gje informasjon om handlingsplanen til elevar og tilsette
- I Kvalitetsmeldinga for oppvekstsektoren i Bremanger kommune 2012-2013 går det fram at kommunen har sett seg lokale mål på området. «Skulen skal leggje vekt på trivsel, læringsstrategiar, vurdering og kompetanse. Skulen skal skape eit godt arbeids- og læringsmiljø med tilpassa opplæring for alle elevane.»

#### Kan skulen dokumentere korleis ein evaluerer arbeidet med skulemiljøet?

- Rektor skriv i si utgreiing til Fylkesmannen at evaluering av det psykososiale miljøet vert gjort gjennom PALS-arbeidet og PALS-planane til skulen. «Ein del kjem og fram gjennom elevrådsarbeidet».
- Det vart oppretta elevråd hausten 2013. Det har ikkje vore elevråd ved skulen dei siste åra. Det er heller ikkje i dag plan for kva saker som skal takast opp i elevrådet, som t.d. evaluering av det psykososiale miljøet.
- Krav om oppretting av skulemiljøutval etter opplæringslova vart gjort gjeldande for ni år sidan. Det vart først oppretta skulemiljøutval ved Frøyen skule 30.04.2014.
- Handlingsplan ved mobbing skal evaluerast kvart år av råd, utval og i personalmøte. Det kjem fram i intervju med rektor at handlingsplanen ikkje har vore evaluert dei to siste åra.
- Skulen har ikkje dokumentert andre skriftlege rutinar for evaluering av skulemiljøarbeidet.
- I intervju kjem det fram at kommunen evaluerer skulane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø gjennom Elevundersøkinga. Det er og faste møte med rektorane der dei evaluerer PALS. Kommunen skal ta i bruk SWISS (datasystem for registrering av hendingar) og skulane skal per i dag ha teke i bruk skjema for hendingrapport manuelt.

#### Kan skulen dokumentere korleis dei skaffar seg kjennskap til den einskilde elev si oppleving av skulemiljøet?

- Skulen gjennomfører elevsamtalar to gonger i året . Lærar og elev drøfter trivsel, framgang og problem.

---

<sup>2</sup> Steg for Steg er eit program for barnehagen og grunnskolen, 1.-7 trinn. Steg for Steg har som mål å gje barn moglegheit til å lære og trene på viktige og nyttige sosiale ferdigheiter og auke sin sosiale kompetanse

- I handlingsplan ved mobbing er det lagt føringar for kva rutinar som gjeld ved inspeksjon. Det er lagt vekt på at den som har inspeksjon skal vere synleg, observant og notere ned og melde i frå om uønskt åtferd.
- I handlingsplanen står det på side 4 at skulen skal gjennomføre tiltak som kan avdekkje mobbing, t.d. anonymiserte spørjeundersøkingar. Det kom fram i intervju at skulen har gjennomført ei slik spørjeundersøking våren 2014.

Kan skulen dokumentere korleis ein følgjer opp observasjonar som er gjort gjennom kartlegging/observasjonar/samtalar?

- Rektor skriv i si utgreiing at kartleggingar og undersøkingar vert brukt til å avdekke uønskt åtferd blant elevane og setje i verk tiltak når det er naudsynt.
- I handlingsplanen ved mobbing står det opplista kva tiltak som skal setjast i verk ved erting, plaging og ved alvorleg mobbing.

Er det klargjort kven som har ansvaret for å gjennomføre tiltaka knytt til det førebyggjande arbeidet?

- I handlingsplanen side 3 og 4 er ansvaret for det førebyggjande arbeidet fordelt på klassenivå, på avdelingsnivå og på individnivå.

Er skuleleiinga involvert i den daglege gjennomføringa av det systematiske skulemiljøarbeide?

- Rektor skriv i si utgreiing at skuleleiinga er involvert i den daglege gjennomføringa av det systematiske og kontinuerlege arbeidet med det psykososiale miljøet gjennom fast deltaking i PALS teamet på skulen. I tillegg får leiinga kunnskapar om miljøet gjennom inspeksjonar og dagleg kontakt mellom den enkelte lærar og elev.
- Det kjem fram i intervju at det er møte i PALS-teamet to gong i månaden. Rektor, fagleiar, SFO-leiar og til lærarar til stades. I tillegg deltek ein representant for PPT og ein foreldrerepresentant. PALS-teama på skulane i kommunen har fellesmøte om lag kvart kvartal for å summere opp erfaringar med PALS-arbeidet.

Kan skulen dokumentere korleis dei har definert kva som vert sett på som krenkjande åtferd?

- Skulen har ordens- og trivselsreglar. Reglane skal mellom anna bidra til å fremje læring, trivsel og gode sosiale relasjonar. I § 2-1- står det at elevane gjennom god framferd skal vise ansvar, omsorg og respekt for andre menneske.
- I rektor si utgreiing står det at personalet har definert kva som er krenkjande åtferd gjennom PALS-arbeidet.
- Skulen har formulert forventningar til ønskt åtferd i både klasserom, skuleturar, dusj og garderobeområdet.
- I handlingsplanen ved mobbing finn vi at det er sett opp tiltak ved erting, plaging og mobbing og at det er eit krav at lærarane må setje seg godt inn i handlingsplanen ved skulestart kvart år.

Kan skulen dokumentere korleis dei tilsette, elevane og foreldra vert gjort kjende med kva skulen ser på som krenkjande åtferd?

- Foreldregruppa er representert ved ein foreldrerepresentant i skulen sitt PALS-team.
- Kvar veke skal det stå PALS-reglar på elevane sin vekeplan. Ei gjennomgang av vekeplanane til elevane i veke 19 syner at ingen av klassane har opplysningar om PALS-arbeid. To klassar har lagt inn tema empati som tema frå programmet Steg for Steg.
- Det kjem fram i intervju med leiinga at skulen har planar om å informere meir om kva dei ser på som krenkjande åtferd. Dei vil informere via vekeplanar og foreldremøte etter at personalet har avklart dette nærare.
- Skulen sin handlingsplan mot mobbing er tilgjengeleg på skulen si nettside.
- Det vert stadfesta i intervju med elevar og foreldre at dei får informasjon om kva skulen ser på som krenkjande åtferd gjennom arbeidet med PALS-systemet.

Vurdering

I tilsynet har vi sett nærare på i kva grad skulen har dokumentert planar og rutinar, om dei vert etterlevde i praksis og om skulen har dokumentert at planar og rutinar vert evaluerte.

Handlingsplan ved mobbing er datert 14.03.2014. På side 6 i planen står det at handlingsplanen skal evaluerast kvart år av råd, utval og personalmøte. Det kjem fram i intervju at denne handlingsplanen ikkje har vore evaluert dei to siste åra.

Det kjem og fram i intervju med tilsette at det har vore snakk om å tilpasse PALS-reglar til planen, men at dei ikkje har kome i gong med arbeidet. Fylkesmannen finn ikkje å kunne stadfeste at dei sentrale planane og rutinane for skulemiljøarbeidet i praksis blir evaluerte. Det vert også stadfesta i intervju at dei tilsette ikkje kjenner til kva rutinar skulen har for evaluering av planar og rutinar.

Dersom det hadde vore eit forsvarleg system for evaluering ville det i seg sjølv ikkje har vore mogleg for skulen å ha fråvær av lovpålagde råd og utval over år.

**Fylkesmannen sin konklusjon**

Bremanger kommune – Frøyen skule har ikkje dokumentert godt nok at skulen tek i vare dei rettslege krava som gjeld for det førebyggjande arbeidet og internkontroll.

**3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen**

Det førebyggjande arbeidet må sjåast i samanheng med det individuelt retta arbeidet ved skulen. Det er viktig for oppfyllinga av krava i opplæringslova at dei førebyggjande tiltaka som blir planlagde blir etterlevde i praksis.

Skulen si plikt til å gripe inn når det oppstår forhold som er krenkjande for éin eller fleire elevar følgjer hovudsakleg av § 9a-3, andre og tredje ledd. Opplæringslova inneheld særskilte plikter for skulen som gjeld det psykososiale miljøet og gir eleven/foreldra særskilte rettar knytte til saksbehandlinga ved skulen. Ved å kontrollere korleis skulane etterlever dei konkrete pliktene i § 9a-3 andre og tredje ledd, vil tilsynet kunne medverke til å sikre at skulane i praksis arbeider for å fremje helse, trivsel og læring for elevane.

**Rettslege krav**

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre

og tredje ledd i opplæringslova. Reglane presiserer at alle som er tilsette ved skulen har ei handlingsplikt som inneber plikt til å gjere undersøkingar, plikt til å varsle rektor og plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg. Vidare blir skulen pålagd å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Sjå også vedlegg 3.

## Dokumentasjon og vurdering

Dokumentasjon og vurderingar av det individretta arbeidet baserer seg i stor grad på intervju med tilsette. Intervju med elevar og foreldre har òg vore ei viktig informasjonskjelde.

### Er dei tilsette gjort kjent med si handlingsplikt? <sup>3</sup>

- Rektor skriv i si utgreiing at dei tilsette er gjort kjende med plikta til å undersøkje, varsle og gripe inn dersom dei har mistanke eller kjennskap til krenkjande åtferd. Dei har arbeidd med lovkrava i kapittel 9a og 11 i opplæringslova på personalmøte. Dette vart stadfesta i intervju.
- Den kommunale vaktmeistaren har ikkje sitt daglege virke i skulebygget og reinhaldarane oppheld seg på skulen etter skuletid slik at desse yrkesgruppene ikkje har fått informasjon om handlingsplikta.

### Undersøkjer dei tilsette krenkjande åtferd når dei har mistanke eller kunnskap?

- I intervju med tilsette og leiing kjem det fram døme på at tilsette har undersøkt krenkjande åtferd både på eige initiativ og dersom foreldre har varsla skulen.
- I intervju med brukarane kjem det fram at det kan vere individuelle variasjonar mellom dei tilsette når det kjem til å undersøkje krenkjande åtferd.

### Kjenner dei tilsette til innhaldet i handlingsplikta?

- Gjennom intervju kjem det fram at dei tilsette forstår handlingsplikta sitt krav til å undersøkje og gripe inn.
- Det som ikkje er forstått er kravet om varsling til leiinga. Dette kjem til uttrykk ved at det er uttalt praksis å handtere saker på klassenivå og berre varsle leiinga ved alvorlege tilfelle.

### Har skulen rutinar som viser kva ein skal gjere når ein har mistanke eller kunnskap om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar?

- I handlingsplanen ved mobbing har skulen sett opp tiltak ved erting/plaging og ved alvorleg mobbing.

<sup>3</sup> «Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn», jf. opplæringslova § 9a-3 andre ledd.

Grip dei tilsette inn ovanfor krenkjande åtferd når dei har mistanke eller kunnskap?

- Rektor forklarar i intervju at personalet har diskutert kva dei skal og ikkje skal reagere på og at skulen prøver å etablere ein felles terskel for når tilsette skal gripe inn.
- I intervju kjem det fram døme på at dei tilsette grip inn når dei har mistanke eller kunnskap, t.d. i samband med inspeksjon.
- Det kjem og fram i intervju med brukarane at terskelen for å gripe inn kan variere noko blant dei tilsette.

Har skulen rutinar for varsling til skuleleiinga og korleis følgjer leiinga opp varsling?

- *I skulen sin handlingsplan ved mobbing står det i punktet som omtalartiltak ved alvorleg mobbing «Dersom ertinga/plaginga ikkje stoppar, skal alle involverte takast med til driftssjefen (rektor, vår merknad). Driftssjefen snakkar med elevane kvar for seg»., side 5. Det går vidare fram av rutinen korleis rektor og andre tilsette på skulen skal gå fram ved t.d. å kontakte føresette og lage ein individuell avtale med mobbaren.*
- På side 6 i same plan står det « 1. Systematisk observasjon i friminutt. Avtale og regelbrot skal noterast ned. Driftssjef/kontaktlærar skal orienterast, og følgje opp det som har skjedd.»
- I handlingsplanen ligg det eit meldingsskjema som skal nyttast dersom elevar, leiarar, lærarar, SFO-tilsette, helsesyster, PPT, føresette eller andre oppdagar eller får kunnskap om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar. Skjemaet skal rettast til rektor.
- Skulen har lagt ved eit skjema kalla «Hendelsesrapport» i sin dokumentasjon. Skjemaet skal nyttast for å registrere mindre eller større problemåtferd blant elevane. I skjemaet er det eit eige punkt for registrering av konsekvensar, der kontakt med rektor er jamstilt med t.d. kontakt med føresett eller tap av gode. Rapportane skal liggje til grunn for registrering av hendingar i PALS sitt statistikkprogram SWISS. Det kjem fram i intervju med rektor at skulen skal ta i bruk SWISS som registreringssystem frå hausten av.
- I intervju forklarar rektor at det ikkje er laga skriftlege rutinar for varsling til leiinga.
- I intervju med dei tilsette vert det forklart at det er rutinar for varsling i PALS- systemet.

Varslar dei tilsette skuleleiinga når dei får kjennskap eller mistanke om krenkjande åtferd?

- Det kjem fram i intervju med dei tilsette at dei prøver å løyse saker på lågast mogleg nivå. Det er alvorsgraden og om hendingar gjentek seg som avgjer om leiinga blir varsla. Det kjem fram døme på at alvorlege hendingar har blitt skriftleggjort i eit notat. Notatet har blitt lagt i elevmappa og rektor har fått kopi.
- Meldeskjema til rektor i handlingsplan ved mobbing og skjemaet «Hendelsesrapport» er i praksis ikkje brukt. Rektor meiner at gjennom god kontakt med personalet vil leiinga vere orientert straks det har skjedd noko. Det vert stadfesta i intervju at dersom det er enkeltsaker løyser dei tilsette det med ein gang, er det noko større vert det skrive eit notat. Rektor har ikkje motteke varslingsnotat om saker som gjeld elvane sitt psykososiale miljø.

Har tilsette på skulen ei felles forståing for kva det skal varslast om?

- Felles terskel for kva det skal varslast om har vore tema på personalmøte, men det er likevel slik at tilsette oppfattar at det i dag er litt ulik terskel.

Har skulen rutinar for å fatte enkeltvedtak når dei set i verk tiltak som er av inngripande karakter og som påverkar eleven sine rettar og plikter?

- I skulen sitt ordensreglement går det fram at skulen kan nytte bortvising som sanksjon og at det i slike tilfelle skal fattast enkeltvedtak.

Vert det fatta enkeltvedtak ved skulen dersom foreldre/elevvar ber om tiltak knytt til - skulemiljøet?

- Rektor skriv i si utgreiing at det ikkje er fatta enkeltvedtak etter oppmoding frå foreldre.
- Det kjem fram i intervju at rektor ikkje har fått oppmoding om tiltak frå foreldre.
- Dei tilsette forklarar i intervju at det hender at foreldre ber om tiltak. Då vert det avtalt eit møte med foreldra. Leiinga har i nokre tilfelle vore representert på slike møte. Det varierer om det blir laga eit skriftleg dokument etter eit slikt møte. Dersom det blir laga ei oppsummering, er det som regel eit internt notat som skal lagrast på elevmappa.
- Meldeskjemaet i handlingsplan ved mobbing vert ikkje nytta dersom foreldre ber om tiltak.

Vert oppmodingar handsama snarast mogeleg etter at desse har kome til skulen?

- Kontaktlærarane får oppmoding om tiltak frå foreldre, men sakene vert i samsvar med rutinen for erting og plaging i handlingsplan ved mobbing løyst på klassenivå.
- Intervju med brukarane viser at dei ikkje alltid oppleve å få rask og avklarande informasjon om korleis skulen har handtert saka deira.
- Det er uavklart kor raskt kontaktlærarane set i gong tiltak, men det vert stadfesta i intervju at oppmodingar ikkje vert handtert i tråd med krava i opplæringslova § 9a-3 andre og tredje ledd.

Vert foreldre/elevvar informerte om retten til å få enkeltvedtak når dei gjer ei oppmoding til skulen?

- Skulen har i brev til heimane datert 04.12.2013 informert om retten til å få eit enkeltvedtak dersom dei ber om tiltak som gjeld elevane sitt psykososiale miljø.
- Handlingsplan ved mobbing ligg på skulen si heimeside. § 9a-3 tredje ledd er sitert på meldeskjemaet som ligg inni planen.
- I intervju med brukarane kan det ikkje stadfestast at det er gjeve generell informasjon om denne retten.
- Fylkesmannen finn det ikkje stadfesta gjennom intervju eller dokumentasjon at foreldre får informasjon om denne retten dersom dei ber skulen om tiltak.

Fattar skulen enkeltvedtak etter alle oppmodingar dei får?

- Skulen har ikkje fatta enkeltvedtak etter oppmoding om tiltak.

Tar skulen i vedtaket stilling til den enkelte elev sin rett etter § 9a-1 i opplæringslova?

- Skulen har ikkje lagt fram vedtak om eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø.



Blir det opplyst om forvaltningslova sine klagereglar, og er det skissert tiltak i vedtaket?

- Skulen har ikkje lagt fram vedtak om eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø.

Vurdering

Alle tilsetta har ei plikt til å handle etter opplæringslova § 9a-3 andre ledd. Ved mistanke eller kunnskap om krenkjande ord eller handlingar, skal vedkommande straks undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom der er naudsynt og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Reinhaldar og vaktmeistar har ikkje fått informasjon om handlingsplikta. Elles har tilsette fått informasjon, men har ikkje forstått kva handlingsplikta inneber. Skulen har arbeidd med ei felles forståing for når tilsette skal undersøkje og eventuelt gripe inn, til dømes gjennom PALS-programmet. Det er likevel slik at det ser ut til å vere noko veg igjen å gå før dette kjem til uttrykk gjennom ein felles praksis i personalet.

Skulen har utarbeidd eit skjema som skal sikre varsling til leiinga. Meldeskjemaet er ikkje teke i bruk og leiinga vert berre varsla dersom saker ikkje kan løysast av lærarane i første omgang. Leiinga på skulen og tilsette har ulikt syn på om skulen har skriftlege rutinar for varsling og handtering av varsling. Leiinga har ikkje motteke skriftleg varslingsnotat frå tilsette eller oppmoding om tiltak frå foreldre.

Oppmoding om tiltak frå elevar og foreldre kan i praksis rettast til både leiinga, lærarar og andre tilsette. Dersom skulen er i tvil om ei melding frå eleven/foreldra er ei oppmoding etter § 9a-3 tredje ledd, må skulen først avklare dette. Alle oppmodingar, også munnlege, skal takast på alvor og utgreiast. Dette er ein del av skulen si utgreiingsplikt etter forvaltningslova § 17. Læraren si vurdering vil kunne være viktig når ein skal finne kva tiltak som eventuelt skal inn i enkeltvedtaket. Sjølv om oppmodinga kan løysast innanfor klassen skal denne bringast vidare til leiinga ved skulen. Ei oppmoding frå elevar/foreldre skal aldri stoppast på klassenivå. Dette heng saman med kravet i § 9a-3 tredje ledd, første punktum, om at alle tilfelle der det blir bedt om tiltak knytt til det psykososiale miljøet, skal handsamast som enkeltvedtak etter forvaltningslova.

**Fylkesmannen sin konklusjon**

Bremanger kommune ved Frøyen skule har ikkje dokumentert godt nok at skulen tek i vare dei rettslege krava som gjeld skulen sitt individuelt retta arbeid.

**3.3 Brukarmedverknad**

Opplæringslova inneheld krav om at elevar og foreldre skal givast høve til å involvere og engasjere seg i arbeidet for eit godt psykososialt miljø ved skulen. Eit av verkemidla frå lovgivar for å sikre brukarmedverknad har vore å stille krav til oppretting av ulike råd og utval og å gi desse råda og utvala høve til å uttale seg før endelege avgjerder blir tekne.

Brukarmedverknad er ikkje ein statisk tilstand som kan oppnåast ein gong for alle i skulen, det er i tvert imot noko det må arbeidast kontinuerleg med. Tilhøyrsløse i ein sosial og fagleg fellesskap gjennom verdiar og verkemiddel som verdsetjing, aktiv deltaking og medverknad er noko som må gå føre seg kontinuerleg i kvardagen.

Det er "skulen" som skal syte for at elevane blir engasjerte i skulemiljøarbeidet. Skulen i denne samanhengen vil seie skuleleiinga. Dersom det ikkje er tilrettelagt for at elevane eller dei føresette blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet, er det skuleeigar som blir gjort ansvarleg.

### Rettslege krav

§ 9a-5 slår fast at elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både i planlegginga og i gjennomføringa av det. Elles er det gitt reglar for ulike organ for brukarmedverknad både i § 9a-6 og i kapittel 11. Det går m.a. fram at råda og utvala skal givast relevant informasjon og reelt høve til å uttale seg. Rutinar for å sikre informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollen ved skulen etter § 9a-4. Sjå også vedlegg 3.

### Dokumentasjon og vurdering

Har skulen rutinar for å involvere elevane i skulemiljøarbeidet?

- Skulen oppretta elevråd hausten 2013 etter å ha vore utan elevråd i nokre år. Det er til vanleg klasseråd på skulen, men korleis dette er organisert varierer frå klasse til klasse. Elevane kan melde inn saker til elevrådet. Det er i hovudsak elevar frå 5.-7. klasse som leverer inn saker, men det har vore tilfelle av saker frå yngre klassesteg. Elevrådet melder munnleg tilbake til klassen som kom med saksframlegget.
- Elevane på skulen har vore involvert i samband med innføringa av PALS-arbeidet ved skulen. Elevane var t.d. med å utarbeider ulike PALS-reglar.
- Elevrådsrepresentantane og elevrådskontakten har ikkje fått særleg opplæring i elevrådsarbeid. Elevrådsrepresentantane har noko informasjon om arbeidet i elevrådet på første møte basert på informasjon på nettsida til Utdanningsdirektoratet.

Har skulen rutinar for å halde råd og utval orientert om forhold som er vesentlege for skulemiljøet?

- Det er ikkje laga rutinar for kva saker som skal opp i elevrådet, samarbeidsutvalet eller skulemiljøutvalet.
- Referat syner at skulen sitt uteområde har vore tema i elevrådet 02.12.2013. Saka er truleg bringa inn til elevrådet av skulen, elles er sakene elevinitierte saker.
- Samarbeidsutvalet har behandla plan for skulen sitt uteområde, orientering om ordensreglane og trafikksituasjonen ved henting og bringing av elevar.
- Skulemiljøutvalet har fått informasjon om sine oppgåver i eit konstituerande møte, orientering om at skulen arbeider med PALS og handlingsplan ved mobbing.

Er det oppretta elevråd, samarbeidsutval og skulemiljøutval med lovleg samansetjing?

- Det er oppretta elevråd med medlemmar for 5.-7. klasse skuleåret 2013-2014. Før denne tid var det ikkje elevråd ved skulen i ein periode som strekk seg over fleire år.
- Kommunen har skipa eit felles samarbeidsutval for Kalvåg oppvekst. Krav til samansetning av utvalet går fram av opplæringslova § 11-1 fjerde ledd. Slik utvalet er sett saman i dag manglar det ein representant for tilsette i barnehagen, ein representant for foreldrerådet i skulen og ein representant for foreldrerådet i barnehagen.
- Det er oppretta skulemiljøutval inneverande skuleår med lovleg samansetning 30.04.2014.

### Vert det halde jamlege møte i dei respektive brukarorgana?

- Elevrådet har hatt tre møteskuleåret 2013-2014.
- Skuleåret 2012-2013 var det ikkje fungerande samarbeidsutval ved skulen. Inneverande skuleår har det vore to møte i utvalet, 06.11.2013 og 26.11.2013.
- Krav om oppretting av skulemiljøutval ved grunnskular vart føydd til i opplæringslova 17.06.2005. Først 30.04. 2014 vart slikt utval oppretta ved skulen. Skulemiljøutvalet har hatt eit møte, men i referatet går det fram at det er lagt opp til to møter i året, elles etter behov.

### Vurdering

Samarbeidsutvalet, skulemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betydning for skulemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Råda og utvala skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved skulen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skulemiljøet.

Vi ser samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet som sentrale arenaer med tanke på at skuleleiing her skal kunne gje informasjon om t.d. hendingar, planar og vedtak som er vesentlege for skulemiljøet. God informasjon vil kunne leggje grunnlaget for involvering og engasjement hos foreldre og elevar, dvs. å uttale seg og kome med framlegg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.

Det er krav i opplæringslova om at elevar og foreldre skal ha høve til å involvere og engasjere seg i arbeidet for eit godt psykososialt miljø ved skulen. For å oppnå dette skal dei ulike råd og utvala ved skulen ha høve til å uttale seg om saker som er av betydning for skulemiljøet før endeleg vedtak vert gjort.

Kravet om medverknad gjeld alle elevar og ikkje berre elevrådsrepresentantar. Skulen har lagt vekt på elevane si deltaking i utviklinga av PALS- reglane og gjennom klasse- og elevrådsarbeid. Slik Fylkesmannen ser det er det lagt få systematiske føringar frå leiinga si side når det gjeld arbeidet i klasse- og elevråd. Vi finn i sum at det er ikkje lagt opp til ei heilskapleg mobilisering for å sikre involvering av alle elevar i skulemiljøarbeidet på skulen.

Før inneverande skuleår har det vore fråvær at to lovpålagde brukarorgan ved skulen og det er per i dag ikkje rutinar for å halde lovpålagde organ orientert om forhold som er vesentlege. Vi ser likevel døme på at det nyoppretta skulemiljøutvalet har fått informasjon om utvalet sitt mandat, oppgåver, relevante dokument og tek sikte på å ha minimum to møte i året.

### **Fylkesmannen sin konklusjon**

Bremanger kommune ved Frøyen skule har ikkje gode nok rutinar og planar som sikrar brukarmedverknad i tråd med regelverket.

### **4. Frist for retting av lovbrøt**

Fylkesmannen har i kapittel 3 konstatert lovbrøt. I denne rapporten får Bremanger kommune frist til å rette lovbrøt, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 05.10.2014. Kommunen må innan denne datoen sende Fylkesmannen ei erklæring om at dei ulovlege forholda er retta, og ei utgreiing om korleis lovbrota er retta. Dersom lovbrøt ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i denne rapporten:

### **Førebyggjande arbeid ved skulen, §9-4, jf. 9a-3 første ledd**

1. Bremanger kommune skal sjå til at Frøyen skule arbeider aktivt, systematisk og kontinuerleg for å forhindre at uønskt åtferd oppstår. Bremanger kommune må i denne samanhengen sjå til at Frøyen skule:
  - a) Har systematikk i det førebyggjande arbeidet og eit heilskapleg evalueringssystem.

### **Det individretta arbeidet ved skulen, § 9a-3 andre ledd**

2. Bremanger kommune skal syte for at dei tilsette ved Frøyen skule handterer krenkjande åtferd dei har kunnskap/mistanke om. Bremanger kommune må i denne samanhengen sjå til at Frøyen skule:
  - a) Informerer alle som har sitt virke i skulen om handlingsplikta og sikrar at dei forstår innhaldet.
  - b) Etablerer ein felles praksis for når dei tilsette skal undersøkje og gripe inn overfor krenkjande åtferd.
  - c) Har eit forsvarleg system for varsling til leiinga og rutinar for korleis leiinga følgjer opp varslinga.

### **Det individretta arbeidet ved skulen, § 9a-3 tredje ledd**

3. Bremanger kommune skal syte for at Frøyen skule handsamar oppmodingar om tiltak ved å fatte enkeltvedtak etter reglane om dette i forvaltningslova. Bremanger kommune må i denne samanhengen sjå til at Frøyen skule:
  - a) Orienterar foreldre og elevar som kjem med ei oppmoding om tiltak om retten til å få saka handsama som eit enkeltvedtak.
  - b) Fattar enkeltvedtak ved alle oppmodingar som gjeld elevane sitt psykososiale miljø.

### **Brukarmedverknad, §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11**

4. Bremanger kommune skal sjå til at Frøyen skule involverer og engasjerer elevar og foreldre i skulemiljøarbeidet. Bremanger kommune må i denne samanhengen sjå til at Frøyen skule:
  - a) Har rutinar for å sikre at alle elevane på skulen blir involvert i skulemiljøarbeidet.
  - b) Opprettar samarbeidsutval med lovleg samansetjing.
  - c) Har rutinar for å halde elevrådet, samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet orienterte om forhold som er av vesentleg betydning for skulemiljøet.

## **5. Kommunen sin frist til å rette**

Som nemnt i kapittel 4 ovanfor, har kommunen fått ein frist for å rette dei ulovlege forholda som er konstaterte i denne rapporten.

Frist for tilbakemelding er 05.10.2014

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, den 03.07. 2014.

Lill Mona Solberg  
tilsynsleiar

Frans Jacob Krebs  
revisor

Vedlegg:

1. Oversyn over innsend dokumentasjon
2. Oversyn over dei som er intervjuja
3. Rettslege krav

**Vedlegg 1 Oversyn over innsend dokumentasjon**

<b>Vedlegg</b>	<b>Oversikt over dokumentasjon frå Frøyen skule</b>	<b>Datert</b>
1	Øversendingsbrev og eigenvurdering frå skulen	13.03.2014
2	Handlingsplan ved mobbing	14.03.2014
3	Opplæringsplan klasserom	
4	PALS reglar, på tur	
5	PALS reglar, dusj og garderobe	
6	Steg for steg i 5. klasse, reglar	
7	Årsplan PALS våren 2014	
8	Hendelsesrapport -mal	
9	Plan for Steg for steg, 1-4. klasse	
10	Øversendingsbrev og oversyn over medlemmar i råd og utval 2013-2014	24.04.2014
11	Referat frå elevrådsmøte 05.02.2014	
12	Referat frå elevrådsmøte 02.12.2013	
13	Referat frå elevrådsmøte 30.10.2013	
14	Referat frå møte i samarbeidsutvalet 06.11.2013	07.11.2013
15	Møtereferat (samarbeidsutvalet?) frå møte 26.11.2013	27.11.2013
16	Ørdens- og trivselsreglar for Kalvåg oppvekst	
17	Brev frå elevrådet til Bremanger kommune om trafo ved skulen	28.04.2014
18	Referat frå skulemiljøutvalet, møte 30.04.2014	30.05.2014
19	Øversyn over medlemmar i elevråd, samarbeidsutval og skulemiljøutval	24.04.2014
	<b>Dokument frå skulen, sendt inn etter tilsynsbesøket</b>	
21	Brev til elevar og foreldre om rettar etter opplæringslova § 9a3	04.12.2013
	<b>Dokument frå kommunen, sendt inn etter tilsynsbesøket</b>	
22	Kvalitetsmelding for oppvekstsektoren 2011-2012	
23	Kvalitetsmelding for oppvekstsektoren 2012-2013	
24	Kompetanse, kvalitetssikring og rekruttering 2013	
25	Kompetanse og rekrutteringsplan for oppvekstsektoren 2014-2015	
26	Strategisk plan for oppvekstsektoren 2010-2020	
27	Tidleg innsats (utarbeidd våren 2013)	

**Vedlegg 2 Oversyn over deltakarane i tilsynet**

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>	<b>Øpningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Gro Bakke-Abildsnes	Skulefagleg ansvarleg	X	X	X
Isak Berle	Rektor	X	X	X
Tor Erik Liset	Elevrådskontakt	X	X	
Cathrine Lindhagen	Kontaktlærer (3.kl)		X	
May-Britt Degnepoll	Kontaktlærer (5.kl)	X	X	
Tor Erik Liset	Kontaktlærer (7.kl)	X	X	

Det er i tillegg gjennomført intervju med representantar for elevrådet og foreldra ved skulen.

## Vedlegg 3      Rettslege krav

### 1      Det førebyggjande arbeidet

#### **§ 9a-4, Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane** (internkontroll)

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

#### **§ 9a-3 første ledd – Det psykososiale miljøet**

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Det systematiske skulemiljøarbeidet skal sikre at elevane sin rett blir oppfylt ved at skulen arbeider kontinuerleg og systematisk for eit godt skulemiljø. Det avgjerande er at skulemiljøarbeidet er eigna til å sikre elevane eit godt psykososialt miljø og at brot på retten til *eit godt miljø blir oppdaga og handtert på ein effektiv måte*.

Føremålet med skulen sine plikter etter § 9a-4 er å sikre at uønskt/krenkjande åtferd blir oppdaga og teke hand om tidleg. Dette vil seie at skulen må ha rutinar for å kartleggje skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det psykososiale miljøet.

Ein naudsynt føresetnad for det systemretta arbeidet er at skulen overfører krava i kapittel 9a til konkrete mål og handlingar. Skulen må ha planar og rutinar for korleis elevane sin rett skal oppfyllast.

Skulen blir i § 9a-4 pålagt å arbeide aktivt, systematisk og kontinuerleg slik at krava i kapittel 9a blir oppfylte. Dette inneber at skulen skal arbeide etter eit "føre var"-prinsipp, og førebyggje brot på eleven sin rett etter § 9a-1. Skulen kan ikkje vere passiv og avvente at ein situasjon oppstår, som til dømes at læraren faktisk ser mobbing eller at nokon klagar på forholda. Med kontinuerleg meiner ein at det systematiske arbeidet må vere gjennomgåande i skulen sitt arbeid, og ikkje berre noko som blir gjort når det oppstår ubehagelege situasjonar eller ved oppstart av kvart skuleår. Arbeidet skal drivast heile tida, gjennom heile skuleåret. Eit anti-mobbeprogram eller ein perm med internkontrollrutinar som står i ei hylle, er ikkje tilstrekkeleg for å oppfylle kravet til systematisk arbeid.

Det systematiske arbeidet skal vere gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutinane må vere innarbeidde og må følgjast av personalet når det blir arbeidd med saker som omhandlar det psykososiale miljøet til elevane.

Skuleleiinga ved rektor har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt, systematisk og planmessig.

#### **Skulen må for å oppfylle kravet til internkontroll:**

- Setje seg konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet
- Arbeide systematisk og planmessig for å nå måla og førebyggje problem
- Ha rutinar for å følgje med på skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det, medrekna rutinar for å avdekkje og handtere problem når dei dukkar opp og kontrollere at rutinane blir følgde

Skulen må kunne dokumentere at dei har eit system for internkontroll. Internkontroll inneber å overføre krava i lov og forskrift til konkrete mål for skulemiljøet, kartleggje utfordringar, planleggje og setje i verk tiltak for å nå måla. Skulen må dokumentere at dette er etablert, og at det faktisk blir følgt opp.

I tillegg til det som blir dokumentert skriftleg, må skulen kunne vise at:

- internkontrollen dekkjer alle reglane i kapittel 9a
- kvar tilsett utfører pliktene dei har etter lova og kjenner til interne mål, rutinar/planar
- dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse om skulemiljøarbeid og handtering av utfordringar og hendingar som gjeld skulemiljøet
- skulen har tiltak for å fremje skulemiljøet og førebyggje, avdekkje og handtere krenkingar
- tiltaka blir sette i verk og planar og rutinar blir følgde i praksis
- leiinga er aktivt med i arbeidet med internkontroll/skulemiljø.

I det systematiske arbeidet med det psykososiale miljøet må også andre reglar i opplæringslova dragast inn. For det fyrste må skulen kartleggje krava til brukarorgan i kapittel 11. Eit sentralt organ i det systematiske arbeidet er skulemiljøutvalet.

Ordensreglementet ved skulen er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med skulemiljøet, og skulen må sjå til at dette er integrert i skulemiljøarbeidet/internkontrollen. Eit system for skulemiljøet som ikkje blir sett i samanheng med ordensreglement, er ikkje heilskapleg nok. I tillegg må skulen også trekkje inn vurdering i orden og i oppførsel etter forskrift til opplæringslova § 3-5.

## 2 Det individretta arbeidet

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova.

- Handlingsplikta etter § 9a-3 andre ledd
- Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre som enkeltvedtak etter § 9a-3 tredje ledd

Handlingsplikta

### **§ 9a-3 andre ledd – plikta til å undersøkje, varsle og gripe inn**

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Regelen slår fast at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber

- plikt til i å gjere undersøkingar,
- plikt til å varsle rektor og
- plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg.



Handlingsplikta gjeld for alle som er tilsette ved skulen ved at dei har eit tilsetjingsforhold/ein arbeidsavtale med skuleeigar. I førearbeida til lova<sup>4</sup>er det sagt at "tilsette" i praksis ofte vil vere lærarar og miljøarbeidarar, men at plikta også gjeld anna personale. I tillegg til undervisningspersonalet på skulen kan dette til dømes vere vaktmeister, assistentar, kontor- og reingjeringspersonale.

Den tilsette si handlingsplikt tek til å gjelde når ho/han får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar. "Kunnskap om" vil seie at den tilsette faktisk veit at ein elev blir utsett for uakseptabel åtferd frå elevar, lærarar eller andre ved skulen. Dette kan vere hendingar som den tilsette sjølv er vitne til eller blir fortald om. Ein del av handlingsplikta er plikta til å undersøkje om eleven faktisk har blitt utsett for krenkjande ord eller handlingar, og få klargjort kva som faktisk har skjedd. Handlingsplikta gjeld også dersom den tilsette får ein mistanke om at ein elev er utsett for ord og handlingar. Det er altså ikkje naudsynt med faktisk kunnskap for at handlingsplikta gjeld.

Den tilsette må, når ho/han får kunnskap eller mistanke om krenkjande åtferd, vurdere kva som blir neste steg. Skuleleiinga skal varslast, og i nokre tilfelle har den tilsette plikt til å gripe inn. Dette må vurderast konkret i den enkelte situasjonen. I akutte situasjonar, til dømes når elevar slåss eller ein overhøyrer krenkjande ord til ein elev, er det naturleg å gripe inn straks og undersøkje nærare i etterkant kva som faktisk skjedde.

Det følgjer av § 9a-3 andre ledd at etter at den tilsette har undersøkt saka og kome til at dette er forhold som bør følgjast opp, skal skuleleiinga informerast. Skuleleiinga pliktar å sikre at alle saker dei blir varsla om òg blir følgde opp. Tilsette som varslar etter § 9a-3 andre ledd skal takast på alvor. Skulen, ved rektor, pliktar å undersøkje saka ytterlegare dersom det er behov for dette, og setje i verk eigne tiltak.

Skulen med alle sine tilsette må ha ei felles forståing av når det skal varslast, og korleis varslinga skal skje. På same måte må alle ved skulen ha eit avklart forhold til terskelen for å gripe inn. Desse avklaringane og rutinar for dette må innarbeidast i internkontrollen etter § 9a-4.

Det er ikkje noko krav i § 9a-3 andre ledd om at skulen skal gjere eit enkeltvedtak når det blir sett i verk tiltak etter eige initiativ. Dette skil seg frå når ein elev eller forelder ber om tiltak, jf. § 9a-3 tredje ledd. At det ikkje må gjerast enkeltvedtak tek likevel ikkje frå skulen ansvaret for å følgje opp saka på føremålstenleg vis.

I nokre tilfelle vil tiltaka skulen set i verk, likevel krevje at det blir gjort enkeltvedtak. For enkelte tiltak er det fastsett eksplisitt i opplæringslova eller forskrift til opplæringslova at avgjerda er eit enkeltvedtak. Døme på dette er bortvising etter opplæringslova § 2-10 og skulebyte etter opplæringslova § 8-1 tredje ledd. Elles er det definisjonen av enkeltvedtak i forvaltningslova § 2 sett opp imot karakteren av tiltaket som er avgjerande for om reglane om enkeltvedtak skal brukast. Samstundes har skulen eit visst handlingsrom knytt til ordensmessige og opplæringsmessige tiltak. Dette er mindre inngripande tiltak som blir gjorde for å gjennomføre opplæringa.

Det skriftlege, som enkeltvedtaksforma gjev, er viktig for skulen si dokumentering av at dei har gripe inn og prøvd å sikra eleven sin rett etter § 9a-1.

Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre

### **§ 9a-3 tredje ledd – Eleven/ foreldra sin rett til å be om tiltak og saksbehandlinga ved skulen**

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i

<sup>4</sup> Sjå Ot. prp. nr. 72 (2001-2002).

~~forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.~~

Skulen er pålagd gjennom § 9a-3 tredje ledd å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom det ligg føre ei slik oppmoding, må skulen snarast råd ta stilling til om eleven sin rett er oppfylt, og eventuelt kva tiltak som skal setjast i verk. Det blir streka under at skulen alltid skal gjere eit enkeltvedtak når elevar/foreldre oppmodar om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet. Skulen har altså ei vedtaksplikt. Dersom skulen ikkje oppfyller plikta til å gjere enkeltvedtak i saka, kan foreldra/eleven likevel klage som om det var gjort enkeltvedtak.

Oppmodingar frå elevar og foreldre treng ikkje vere skriftlege. Skulen må også ta stilling til munnlege førespurnader. Skulen kan ikkje avvise ei oppmoding fordi ho ikkje er skriftleg eller unnlèt å oppgje kva tiltak eleven/foreldra ynskjer. Skulen kan heller ikkje krevje at eleven/foreldra må levere ei skriftleg oppmoding. Dersom skulen er i tvil om ei oppmoding frå eleven/foreldra er ei oppmoding etter § 9a-3 tredje ledd, må skulen avklare dette. Skulen har ei rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11. Ein del av dette vil vere å informere eleven/foreldra om rettane etter kapittel 9a og klarleggje om ei oppmoding frå ein elev eller foreldre om det psykososiale miljøet er ei oppmoding om tiltak. Den som tek imot førespurnaden, pliktar også å informere om retten til å be om tiltak og klageretten etter § 9a-3 tredje ledd. Alle oppmodingar, også munnlege, skal takast på alvor og utgreiast. Dette er ein del av skulen si utgreiingsplikt etter forvaltningslova § 17.

Oppmodinga skal normalt rettast til skuleleiinga ved rektor, men oppmodingar kan også rettast til lærarar og andre tilsette. Dersom oppmodinga blir retta til ein lærar, må han/ho vurdere kva oppmodinga gjeld og om dette er noko som kan og bør løysast innanfor klassen. Læraren si vurdering vil vere viktig når det skal avgjerast kva tiltak som eventuelt skal inn i enkeltvedtaket.

Uansett om oppmodinga kan løysast innanfor klassen, skal denne bringast vidare til skuleleiinga. Ei oppmoding frå elevar/foreldre skal aldri stoppast på klassenivå. Dette har samband med kravet i § 9a-3 tredje ledd fyrste punktum om at alle tilfelle der det blir bede om tiltak knytte til det psykososiale miljøet, skal behandlast som enkeltvedtak etter forvaltningslova. Regelen slår også fast at saka skal behandlast "snarast mogleg", og dersom det ikkje er gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova "innan rimeleg tid", kan eleven/foreldra klage som om skulen hadde gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Ei klage skal alltid sendast til det forvaltningsorganet som har eller skulle ha gjort enkeltvedtak i saka i fyrste instans. Det vil seie at klaga skal sendast til skulen. Fylkesmannen er klageinstans, men før klageinstansen kan ta saka til behandling, må skulen eller skuleeigar sjå på saka på nytt, og eventuelt førebu saka for fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 33.

Elles inneheld ikkje opplæringslova kapittel 9a krav til saksbehandlinga. Saksbehandlingsreglane i forvaltningslova gjeld for saker etter § 9a-3. Dersom skulen ikkje behandlar noko som var meint som ei oppmoding, er dette alvorleg og kan få konsekvensar, m.a. anna etter strafferegelen i §9a-7.

### **3 Brukarmedverknad**

Elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både planlegginga og gjennomføringa av det, jf. § 9a-5. Første ledd i denne lyder:

#### ***§ 9a-5 første ledd – Elevdeltaking i skulemiljøarbeidet***

Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skolen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva

som er naturleg for dei enkelte årstrinna.

Dette inneber at elevane skal takast med i skulen sitt arbeid med å oppfylle krava i kapittel 9a. Dette kan til dømes vere deltaking når skulen lagar ordensreglement, deltaking i gjennomføring av gjennomføre enkle målingar, osv. Det er skuleleiar sitt ansvar at elevane blir tekne med i skulemiljøarbeidet.

I førearbeida er det vist til at det er viktig i seg sjølv at elevane kan få oppleve å bli høyrde, og for skulen vil det vere lettare å planleggje og å gjennomføre tiltak i samarbeid med elevane og dei føresette.

Elevane si deltaking i skulemiljøarbeidet skal vere sikra i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.

I lova § 9a-6 og kapittel 11 er ulike organ for brukarmedverknad regulerte. Dei råda og utvala opplæringslova stiller krav til at skulane skal opprette, er:

- Elevråd – jf. § 11-2/11-6
- Foreldreråd og FAU – jf. § 11-4
- Samarbeidsutval/skuleutval – jf. § 11-1
- Skulemiljøutval – jf. § 11-1a

Råda og utvala skal gjevast relevant informasjon og ein reell sjanse til å uttale seg, jf. § 9a-6.

#### **§ 9a-6 - Informasjonsplikt og uttalerett**

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skulemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betydning for skulemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Råda og utvala som er nemnde i første ledd, skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skolen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skulemiljøet.

Dersom skolen blir klar over tilhøve ved skulemiljøet som kan ha negativ verknad for helsa til elevane, skal elevane og dei føresette snarast mogleg varslast om det.

Rutinar for å sikre at informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.



**BREMANGER KOMMUNE**  
**SERVICEKONTORET**

Sekom sekretariatet  
Hafstadvegen 42, Pb 338

6802 FØRDE

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
07 JULI 2014	
J.nr. 14/13	documentnr. 14/4-2
Saksh. Ansvar Arkiv	033
U.off. etter	

**Ikkje offentleg Off.lova §13**

Vår ref.  
14/1124-7/K1-033//HJM

Dykkar ref.

Dato:  
07.07.2014

**Nytt medlem i Kontrollutvalet**

Kommunestyret i Bramanger handsama sak 030/14, den 19.juni 2014: Søknad om fritak frå politiske verv – Leni Lisæter  
Lisæter er fritaken for alle politiske verv i Bremanger kommune. Nytt fast medlem i kontrollutvalet er : Henny Hansen, 6737 Ålfoten.  
Joar Årøen vert då fyrste vara i Kontrollutvalet for resten av perioden.

Dette til orientering.

Med helsing

  
Hilde Jenssen Midtbø  
Leiar servicekontoret

Kontoradresse:  
Rådhuset  
6721 SVELGEN

Postadresse:  
Postboks 104  
6721 SVELGEN

Telefon / telefaks:  
95982970  
57 79 63 01

E-post / web:  
hj@bremanger.kommune.no  
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:  
3776.07.50035

Dato: 04.08.2014  
Vår referanse: 14/204  
Arkiv: FE-217, Komnr-1438

## Forvaltningsrevisjon: Val av nytt prosjekt 2014

Rapport frå Prosjektrapportering og oppfølging blir lagt fram i neste møte. Det er naturleg at det i same møte vert valt nytt prosjekt. Sekretariatet har laga eit notat med informasjon og vurderingar knytt til val og utforming av prosjekt. Vi legg dette fram som skriv og melding i dette møtet og tek med oss drøfting og innspel til saksutgreiing med tilråding til neste møte.

Sekretariatet legg opp til at val og tinging skjer i same sak. Unntaka kan bli der utvalet ønskjer å legge til eit nytt prosjekt som ikkje sekretariatet har utgreidd. I dei høva kan det vere naudsynt at utvalet vel prosjektet og så greier vi ut tinginga til neste møte. Ulempa er at det då går 3 møte før revisor kjem i gang med sjølv arbeid. Det kan bety 2 – 3 månadar i tidstap på grunn av lang tid mellom møta.

Det er litt over 1 år som står att av funksjonsperioden for noverande kontrollutval. Det betyr at den forvaltningsrevisjonen som vert valt no, truleg blir den siste det sitjande utvalet peikar ut. Sekretariatet kjenner ikkje til spesielle høve som tilseier at ein bør endre på den vedtekte prioriteringa i plan for forvaltningsrevisjon. Vi minner likevel om at kontrollutvalet har fått fullmakt frå kommunestyret både til å legge til nye prosjekt og til å endre rekkefølge.

Frå vedteken plan for forvaltningsrevisjon:

### 2.2 Prioriterte område for forvaltningsrevisjon i perioden

Kontrollutvalet har med bakgrunn i overordna analyse og i det som er nemnt over vurdert følgjande område som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden:

1. Prosjektrapportering og oppfølging.
2. Sakshandsaming av administrative vedtak og svargjeving.

Før vidare prioritering av aktuelle prosjekt, får kontrollutvalet orientering om følgjande område.

- Avvikshandtering.
- Sjukefråværet – årsaker og samanhengar.
- Lege- og legevaktordninga.
- Barnevern.
- Innkjøpsrutinar.
- Taksering av eigedomsskatt; verk og bruk.
- Sikring og bruk av kunst.

Kommunestyret si handsaming:

<p><b>20.06.2013 Kommunestyret</b></p> <p><b>KST-039/13 Vedtak:</b></p> <p>Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Bremanger kommune for perioden 2013-2016.</li> <li>- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:             <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Prosjekt rapportering og oppfølging</li> <li>2. Sakshandsaming av administrative vedtak og svargjeving.</li> </ol> </li> <li>- For vidare rapportering av aktuelle prosjekt, får kontrollutvalet orientering om følgjande område.</li> <li>- Avvikshandtering</li> <li>- Sjukefråværet – årsaker og samanhenger</li> <li>- Lege- og legevaktordning</li> <li>- Barnevern</li> <li>- Innkjøpsrutinar</li> <li>- Taksering av eigedomsskatt; verk og bruk</li> <li>- Sikring og bruk av kunst</li> </ul> <p>Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/ eller endre prioritering i perioden.</p> <p>*****</p>
--

Etter planen, er det prosjektet «Sakshandsaming av administrative vedtak og svargjeving» som står for tur. I overordna analyse var det spelt inn fleire prosjekt knytt til sakshandsaming:

”Korrekt handsaming av din sak ?”	Kontrollere eit utval av saker (evt. henvendelsar utanfrå) med omsyn til om formalitetsbestem- melsane blir følgde (svar innan rimeleg, tid, sakshandsaming, lovanvendelse, osv.)	Bidra til å sikre ei korrekt sakshandsaming for den einsskilde innbyggjar.	Måloppnåing
Generell og spesiell sakshandsaming	Er dei ulike reglement i samsvar med dagens regelverk og organisasjonsstruktur ? Vert det som skal gjerast gjort i tråd med delegasjonsfullmakter og interne styringdokument (reglement), framlagt og handsama korrekt til rett tid med korrekt informasjon til politisk nivå ? Er dialogen mellom sakshandsaming og det som skal til registrering og bokføring på plass ? Kven vurderer kva som skal stå i ei årsmelding og kva som skal skrivast frå økonomisjefen i samband med forskrift om innhald i årsberetning, m.v. ?	Bidra til at kommune har styringskriteria som gjev administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy i heile organisasjonsapparatet	Produktivitet/ Effektivitet Økonomistyring Måloppnåing
Sakshandsaminga, Vedtak, svargjeving	Etterlevelseskontroll av forvaltningslova og offentleglova sine bestemmelsar Etterleving av regelverket  Responstid på henvendingar til kommunen  Kjem saker opp på rett vis, etterlever ein formal- krava i forvaltningslova og offentleglova  Sjå etter at det ligg føre innkallingspapirer og skriftleg sakshandsaming med møteprotokollar Informasjonsflyt til overordna organ Blir vedtak iverksett på rett vis	Kvalitetsheving og læringsverdi for forvaltningsapparatet i kommunen	Effektivitet og Produktivitet

Døme på liknande prosjekt i andre av dei kommunane SEKOM-sekretariat dekker:

## Førde:

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Korrekt handsaming av din sak.

1. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til tekniske tenester
2. Vurder handsaming i høve forvaltningslova og offentleglova
3. I kva grad handsaminga er i tråd med gjeldande regeleverk

Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 8. september 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015.

## Flora:

**Prosjektnamn**

«Sakshandsaming, vedtak og svargjeving» i Flora kommune

**Avgrensing av undersøkinga**

Kontrollen skal avgrensast til å gjelde open omsorg i Flora kommune i år 2013.

**Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet**

Etterlever Flora kommune regelverk for:

- Sakshandsaming
- Innhald i vedtak, er vedtaka lett å forstå.
- Overheld kommunen svarfristar etter gjeldande lover og reglar.

Førde og Flora sine prosjekt gjeld dei 2 områda der det er flest enkeltsaker (pleie/omsorg og tekniske tenester). Truleg er det også her Bremanger kommune har flest administrative vedtak.

Sidan forvaltningsrevisjon om prosjektrapportering og gjennomføring også gjeld ein del av tekniske tenester, kan det vere ein grunn til å velje ein annan sektor på neste prosjekt. Om utvalet legg vekt på dette, kan det såleis vere naturleg å peike ut pleie og omsorg som avgrensing for neste forvaltningsrevisjon.

Med helsing

Arnar Helgheim

Dagleg leiar

Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418

ah@sekom.no

Dato: 06.08.2014  
Vår referanse: 14/228  
Arkiv: FE-033, Komnr-1438

## Møteplan hausten 2014 - Flytting av møte 16. oktober?

Frå og med hausten 2014, fordeler SEKOM sine 2 tilsette hovudansvaret for dei 15 kontrollutvala mellom seg. Underteikna får då hovudoppfølginga av Bremanger kontrollutval. Vi kjem framleis til å jobbe saman om oppgåvene slik at vi kan overlape kvarandre når det trengs.

Møte den 16.10. fell saman med ferie for underteikna (13. – 21.10.). Som nemnt, kan Audhild Vie Alme vere sekretær denne gongen. Møtet kan også flyttast eller avlysast om det høver for utvalet. Eg legg ved samla møteplan for SEKOM-kommunane til informasjon.

Det kan elles sjå ut til at Bremanger kontrollutval til vanleg har 4 møte pr år og ikkje 5 som i årets møteplan. Dersom det høver med sakstilgangen, ser vi likevel ikkje noko problem i å ha 5 møte.

Med helsing

Arnar Helgheim  
Dagleg leiar  
Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418  
ah@sekom.no

Vedlegg:  
Møteplan hausten 2014 SEKOM-sekretariat



## SEKOM-sekretariat – møteplan hausten 2014

August		September		Oktober		November		Desember			
1	Fr		1	Ma	Sekretærforum 1.-2		On		1	Ma	Veke 49
2	Lau		2	Ty	Sekretærforum 1.-2		To		2	Sun	
3	Sun		3	On	Bremanger	3	Fr	Gulen	3	Ma	Veke 45
4	Ma	Veke 32	4	To	Solund	4	Lau		4	Ty	
5	Ty		5	Fr		5	Sun		5	On	Stryn
6	On		6	Lau		6	Ma	Veke 41	6	To	
7	To		7	Sun		7	Ty		7	Fr	7 Sun
8	Fr		8	Ma	Førde	8	On		8	Lau	Førde
9	Lau		9	Ty	Flora	9	To		9	Sun	
10	Sun		10	On	Eid	10	Fr		10	Ma	Veke 46
11	Ma	Veke 33	11	To		11	Lau		11	Ty	Jølster
12	Ty		12	Fr	Jølster	12	Sun		12	On	
13	On		13	Lau		13	Ma	Samling kontrollutv	13	Lau	
14	To		14	Sun		14	Ty	Samling kontrollutv	14	Fr	14 Sun
15	Fr		15	Ma	Veke 38	15	On		15	Lau	
16	Lau		16	Ty	Fjaler	16	To	Bremanger	16	Sun	
17	Sun		17	On		17	Fr		17	Ma	Veke 47
18	Ma	Veke 34	18	To	Askvoll	18	Lau		18	Ty	
19	Ty		19	Fr		19	Sun		19	On	Gulen
20	On	Gloppen	20	Lau		20	Ma	Førde	20	To	
21	To		21	Sun		21	Ty		21	Fr	Flora
22	Fr		22	Ma	Veke 39	22	On		22	Lau	
23	Lau		23	Ty		23	To	Flora	23	Sun	
24	Sun		24	On		24	Fr		24	Ma	Veke 48
25	Ma	Naustdal	25	To		25	Lau		25	Ty	Eid
26	Ty		26	Fr	Hyllestad	26	Sun		26	On	Gloppen
27	On	Gaular	27	Lau		27	Ma	Veke 44	27	To	Bremanger
28	To		28	Sun		28	Ty	Solund	28	Fr	28 Sun
29	Fr		29	Ma	Veke 40	29	On		29	Lau	
30	Lau		30	Ty	Stryn/Horindal	30	To	Fjaler	30	Sun	
31	Sun					31	Fr				

Anna og Ole T. Eikesets fond  
v/Ordfører Karl Vidar Førde  
Bremanger Kommune  
6923 Svelgen

<b>Dykkar ref.:</b> Rekneskap 31.12.13	<b>Vår ref.:</b> Kryss/trine/ anna og ole eikesets fond13 /	<b>Arkivkode:</b> 242	<b>Journalnr.:</b> 030 / 2014	<b>Dokumentdato:</b> 23.05.2014
---	--	--------------------------	----------------------------------	------------------------------------

## Revisjonsberetning Anna og Ole T. Eikesets fond 2013.

Vi har revidert årsrekneskapen for Anna og Ole T. Eikesets fond for driftsåret 2013. Årsrekneskapen viser eit rekneskapsmessig årsresultat på kr 9 950,25. Det er gjort utdeling av stipend i året 2013 med kr 15 000. Sum innestående bank pr. 31.12.2013 utgjør kr. 441 709,96. Årsrekneskapen består av resultat-, balanserekneskap og note. Rekneskapen er avgjeve av fondet sitt styre. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og øvrige forhold, i henhold til lov og forskrifter.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov om stiftingar og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av materialet som underbyggjer informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsipp, samt vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av lov og god revisjonsskikk, omfattar revisjonen også ei gjennomgåing av fondet si økonomiforvaltning og den interne, administrative kontroll. Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeve i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit uttrykk for fondet si økonomiske stilling pr 31.12.2013 og for at resultatet i rekneskapsåret er i samsvar med god rekneskapsskikk og god bokføringsskikk, samt at fondet sin årsrekneskap er i samsvar med fondet sitt føremål.

Florø den 23.05.14

**KRYSS Revisjon**  
Kommunerevisjonen i  
Ytre Sogn og Sunnfjord

*Trine Vokuhl*  
Trine Vokuhl  
Kommunerevisor I



Anna og Ole T. Eikesets Fond til hjelp  
For studerande ungdom i gamle Bremanger  
V/Bremanger kommune  
6721 Svelgen

## Årsberetning 2013

Fondet har som føremål å motivere ungdom frå gamle Bremanger til å ta høgare utdanning. Stiftelsen er lokalisert i Bremanger.

Det var 6 søkjarar til Anna og Ole T. Eikesets fond for året 2013.

Styret for Anna og Ole T. Eikeset sitt fond vedtok å dele ut tre stipend a kr. 5.000 til:

Solveig Svarstad	Bremanger
Eirik Skjølberg	Bremanger
Stine Svortevik	Svelgen

Renta for midlane på fondet er justert i takt med endringane i rentemarknaden. Eigenkapitalen til stiftinga er tilfredstillande og grunnlaget for vidare drift er til stades.

Stiftinga har ingen tilsette og forureinar ikkje det ytre miljøet.

Svelgen, 27.02.2014

  
Karl Vidar Førde

  
Linda Stenseth

# Anna og Ole T Eikesets Fond

## Rekneskap 2013

Resultatrekneskap	Note	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
<b>Driftskostnader</b>			
<b>Anna driftskostnad</b>			
Gebyr		12,75	72,00
Revisjon		2 000,00	2 000,00
Lotteri og stiftelsestilsynet		970,00	970,00
<b>Sum anna driftskostnader</b>		<b>2 982,75</b>	<b>3 042,00</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-2 982,75</b>	<b>-3 042,00</b>
<b>Finansposter</b>			
Renteinntekter		-12 933,00	-13 798,00
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>12 933,00</b>	<b>13 798,00</b>
<b>Arsresultat</b>		<b>9 950,25</b>	<b>10 756,00</b>
<b>Disponering:</b>		<b>Rekneskap 2013</b>	<b>Rekneskap 2012</b>
Utdeling av stipend		15 000,00	15 000,00
Overført egenkapital		-5 049,75	-4 244,00
<b>Sum disponert</b>		<b>9 950,25</b>	<b>10 756,00</b>

## Anna og Ole T Eikesets Fond

Balanse	Note	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
<b>Eigendelar</b>			
<b>Omløpsmidlar</b>			
Bank folio		441 709,96	446 759,71
<b>Sum Omløpsmidlar</b>		<b>441 709,96</b>	<b>446 759,71</b>
<b>Sum eigendelar</b>		<b>441 709,96</b>	<b>446 759,71</b>
<b>Eigenkapital og gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Skuldig revisjon		-	-
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>-</b>	<b>-</b>
Eigenkapital	Note 1	-441 709,96	-446 759,71
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>-441 709,96</b>	<b>-446 759,71</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>-441 709,96</b>	<b>-446 759,71</b>

Svelgen, 27.02.2014

  
Karl Vidar Førde

  
Linda Stenseth



# Anna og Ole T Eikesets Fond

## Note

Note 1. Eigenkapital	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Eigenkapital 01.01	-446 759,71	-451 003,71
Utdeling stipend	15 000,00	15 000,00
Årsresultat	-9 950,25	-10 756,00
<b>Eigenkapital 31.12</b>	<b>-441 709,96</b>	<b>-446 759,71</b>

Anna og Ole T Eikesets Fond - bokføring 2013

Tekst	Bank Folio	E. Kap	Stipend	Gebyr	Renteinnt.	Lotteritilsyn	Revisjon	Resultat	Sum
Inngående beh.	446 759,71	-446 759,71							-
Revisjon 2013	-2 000,00						2 000,00		-
Lotteri og stiftelsesilsynet	-970,00					970,00			-
Gebyr	-0,75			0,75					-
Utbetalt stipend	-5 000,00		5 000,00						-
Utbetalt stipend	-5 000,00		5 000,00						-
Utbetalt stipend	-5 000,00		5 000,00						-
Renter	12 933,00				-12 933,00				-
Gebyr	-12,00			12,00					-
Resultat		5 049,75						-5 049,75	-
<b>Sum UB</b>	<b>441 709,96</b>	<b>-441 709,96</b>	<b>15 000,00</b>	<b>12,75</b>	<b>-12 933,00</b>	<b>970,00</b>	<b>2 000,00</b>	<b>-5 049,75</b>	<b>-</b>





KONTAKT OSS | LOGG UT

NETTBANK BEDRIFT

TRANSAKSJONSOVERSIKT

UTFØR SØKET MED FØLGENDE KRITERIER:

Velg konto  Fra dato  Til dato  Fra beløp  Til beløp  Vis enkelt transaksjon

VIS KONTOINFORMASJON

TRANSAKSJONSOVERSIKT FOR KONTO 3776.09.51006 SPESVK (ANNA OG OLE T EIKESETS FOND TI)

Bokføringsdato	Renlødato	Beskrivelse	Ut av konto	Inn på konto	Ref	Num	Ref
31.12.2013	01.01.2014	KREDITREN TER		12.933,00	00090010000	00000000000	
19.07.2013	19.07.2013	PRIS Gebyr Nettbank Bedrift	12,00		50389099453	34511410000	
03.06.2013	03.06.2013	OPPGAVE	15.000,00		50389039451	18196230000	i
19.04.2013	19.04.2013	PRIS Gebyr Nettbank Bedrift	0,75		50389099453	04183480000	
15.03.2013	15.03.2013	OPPGAVE	970,00		50389059451	92918810000	i
28.02.2013	28.02.2013	OVERFØRT Til Bremanger Kommu Betalt: 28.02.13	2.000,00		50389089459	00395011888	i
Sum:			17.982,75	12.933,00			

Saldo pr. 31.12.2013 00:00: <b>441.709,96</b>	Disponibel saldo pr. 31.12.2013 00:00: <b>441.709,96</b>
---	--

RESULTATOVERSIKT

Resultat: 1 til 6 av totalt: 6.

Vis  rader

Vis side  av totalt 1

## Sekom postmottak

---

Fra: Terie Førde  
Sendt: 20. august 2014 15:44  
Til: Espen Frøvsland (Espen.Frovsland@bremanger.kommune.no)  
Kopi: Tom Joensen (Tom.Joensen@bremanger.kommune.no);  
'rh@bremanger.kommune.no' (rh@bremanger.kommune.no); Sekom  
postmottak  
Emne: Spelemiddelrekneskap Karlskaret Skytebaneanlegg, Ålfoten Skyttarlag, 1438  
Bremanger  
Vedlegg: Revidert spelemiddelrekneskap Karlskaret Skytebaneanlegg, Bremanger, d.  
20.08.14.pdf  
Kategorier: Blå kategori

Vedlagt følger dokumenta i ovannemnde sak/spelemiddelrekneskapsrapportering. Vi gjer merksam på at kommunerevisjonen har oversendt det signerte rekneskapsskjemaet i original, og revisjonsuttalen, til Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Vi har der vedlagt Ålfoten Skyttarlag sitt skriv av 15. d.m., med forsendelsen dit.

Same forsendelse er også oversendt kontrollutvalssekretariatet (KU i Bremanger) ved SEKOM-sekretariat, som kopi av denne e-post med vedlegg. Viser til vedlegga som følger med i ei scanna fil her.

Vi går ut frå at kommunen/skyttarlaget sjølve tek initiativ overfor Fylkeskommunen for å få utbetalt restmidlane av det spelemiddeltilskot som pr. dato ikkje er utbetalt. Sum tilskot er på kr. 594.000,-, medan det er utbetalt kr. 475.000,-, slik at rest utestående er kr. 119.000,-.

Vi takkar for samarbeidet som har vore kring denne særattestasjonsoppgåva. Vi har ingen merknader til den foreliggende spelemiddelrekneskap, og viser til vår uttale av i dag, 20.08.14.

Skulle det vere spørsmålsstillingar til prosjektet sin rekneskap eller vår uttale, kan De gjerne ta kontakt hit.

Med helsing

**KRYSS Revisjon**

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobiltelefon: 99 22 92 27

E-post: [terje.forde@kryssrevisjon.no](mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no)

**KRYSS Revisjon**  
Kommunerevisjonen i  
Ytre Sogn og Sunnfjord

Bremanger kommune  
v/Rådmannen  
6723 SVELGEN

<b>Dykkar ref.:</b>	<b>Vår ref.:</b> F://brem/spelem.rek./14 Karlskaret skytebaneanlegg	<b>Arkivkode:</b> 243	<b>Journalnr.:</b> 035 / 2014	<b>Dokumentdato:</b> 20. aug. 2014
---------------------	---	--------------------------	----------------------------------	---------------------------------------

**REVISJONSUTTALE – SPELEMIDDELREKNESKAP FOR 1438 BREMANGER KOMMUNE  
ANLEGGNR.: 1438 0015 01 KARLSKARET SKYTEBANEANLEGG**

Rekneskapen for ovannemnde spelemiddelanlegg har vore førelagt kommunerevisjonen i Bremanger kommune for gjennomsyn og kontroll. Det ligg føre utskrifter av rekneskapen for ovannemnde anlegg, som er samanfatta i rapporteringskjemaet, 'Rekneskapsamandrag for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet'. Endeleg rekneskapen er slutført pr. 25.06.2014 og er datert 15.08.14. Bremanger kommune har stadfesta at anlegget er gjennomført i samsvar med planane og har påteiekna rekneskapskjemaet den 18.08.14.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtala kring slik rapportering. Vårt oppdrag er utført i samsvar med «ISRS 4400, *Avtala kontrollhandlingar*». Revisjonshandlingane er utført for å bistå kommunen og fylkeskommunen i vurderinga av riktigheita av rekneskapen og for at anlegget er i samsvar med Kulturdepartementet sine retningslinjer i Rundskriv V-0732.

Vi vil oppsummere vårt arbeide slik:

Det ligg føre rekneskapsamandrag for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet, for *Karlskaret Skytebaneanlegg*, *Anleggsnummer 1438 0051 01*. Prosjektet har ein samla kostnad på kr 1.965.054,-. Samla kostnadskalkyler i søknad var på 1.782.000,-. Anlegget er tildelt spelemidlar med kr. 594.000,- i 2012. Kr. 475.000,- av desse er utbetalt og inntektsført i anlegget. På tidspunktet for rekneskapsrapporteringa *utgjer ikkje utbetalte spelemidlar kr. 119.000,-*.

Vi viser til søknad om tilskotsmidlar til nemnde anlegg, og viser også til tilsagnsbrevet frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune, d. 28.06.12. Samandrag av finansieringa av anlegget går fram av side 1 i rapporteringskjemaet. Side 2 viser spesifisert rekneskapsamandrag.

Vi har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- ⊙ om rekneskapsamandraget er underskrive av anleggseigar og på vegne av kommunen
- ⊙ om rekneskapen er samanliknbar med kostnadsoverslaget
- ⊙ om verdien av dugnad, gåver og rabattar er ført opp iht godkjent kostnadsoverslag;

*Regionskontor for kommunane:*

Flora, Bremanger  
**Flora kommune**, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller  
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;  
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

*Hovudkontor/regionskontor for kommunane:*

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll  
**Førde kommune**, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

*Regionskontor for kommunane:*

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
**Hyllestad kommune**, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 2646  
- evt mobiltlf. 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;  
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93



- ⊙ om sluttkostnaden for anlegget i rekneskapssamandraget utgjør verdien av kontantutgifter og verdier av gaver, dugnader og rabattar slik det er oppstilt i rekneskapssamandraget/skjemaene
- ⊙ eit tilfeldig utplukk av utgiftsbilaga mht om:
  - fakturaene er bokført med rett beløp
  - det er utgifter som åpenbart ikkje synest å vedkome prosjektet
  - utgiftene er stønadsberettiga etter regelverket

Vi har ingen merknader til dette og gjer merksam på at vi har bygt på dokumentasjon og konkrete bilag frå rekneskapen. Vi viser her til det rekneskapsmaterialet som har vore førelagt kommunerevisjonen i samband med denne særattestasjonsoppgåva for dette anlegget. Rekneskapssamandraget er i samsvar med det kontrollerte rekneskap. Verdiane av dugnader, gaver og rabattar er i samvar med retningslinjene for verdsetting av desse postane og i all hovudsak i samsvar med budsjettet og finansieringskalkylane som er godkjende av fylkeskommunen på søknadsstadiet. Vi viser også til eige skriv av 15.08.14, adressert til kulturavdelinga i fylkeskommunen, frå anleggseigar.

Utover det vi har nemnt i ovanfor, har ikkje vi ytterlegare kommentarar til sluttrekneskapen. Vi har gjeve vår påteikning på rekneskapsrapporteringa, med visning til denne melding, og reknar med at kommunen tek rekneskapssaka vidare til fylkeskommunen og dei instansar som elles er berørt i saka. Vi vil ikkje ha merknader til at uteståande restmidlar av spelemiddeltilskotet, kr. 119.000,-, blir overført til prosjektet.

Svelgen/Florø, 20. august 2014.

**KRYSS Revisjon**  
Kommunerevisjonen i  
Ytre Sogn og Sunnfjord








Trine Vokuhl  
Kommunerevisor I

**Vedlegg:**

Rekneskapssamandrag m/vedlegg  
Tilsagnsbrev av 28.06.12 frå Fylkeskommunen  
Brev av 15.08.14 frå Ålfoten Skyttarlag

**KOPI:** Sogn og Fj. Fylkeskommune – Kulturavdelinga  
Økonomisjefen i Bremanger kommune  
Kultursjefen i Bremanger kommune  
Kontrollutvalet i Bremanger  
Karlskaret Skytebaneanlegg v/Ålfoten Skyttarlag

## Rekneskapsamandrag for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Anlegg:	Karliskaret Skytebaneanlegg	Anleggsnr.:	1438 0015 01
Anleggseigar:	Ålfoten Skyttarlag	Kommune:	1438 Bremanger kommune
Rekneskapsen er	<input type="radio"/> Delrekneskap <input checked="" type="radio"/> Sluttrekneskap	for perioden frå	01.05.2009 til 25.06.2014
6737 Ålfoten Stad		15.08.2014 Dato	 Underskrift anleggseigar
Anlegget er fullført i samsvar med planen			
 Stad		18.8.2014 Dato	 Stempel og underskrift kommune
Rekneskapsen er kontrollert. Revisorattest er vedlagt.			
 Stad		20.08.2014 Dato	 Stempel og underskrift revisor

### Finansiering av anlegget

	Budsjett i søknaden	Rekneskap
Tilskot av spelemidlane (utbetalt)	594 000	475 000
Eigenkapital	487 000	581 208
Kommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot)		
Fylkeskommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot)		
Private tilskot, kontantar		
Andre tilskot		
Lån	235 000	235 000
<b>Sum kontantinntekter</b>	<b>1 316 000</b>	<b>1 291 208</b>
Gåver, rabattar	34 000	116 046
Dugnad	432 000	438 800
<b>Sum samla finansiering i søknaden</b>	<b>1 782 000</b>	
Ikkje-utbetalte spelemidlar		119 000
Andre uteståande fordringar		
<b>Sum samla finansiering i rekneskapsen</b>		<b>1 965 054</b>

Kulturdepartement  
 Idrettsavdelingen  
 Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo  
 Telefon 22 24 80 64  
 Telefaks 22 24 95 52  
[postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)





**Utgifter**

Hovudpostane i rekneskapan skal vere dei same som postane i det godkjende budsjettet.  
Før inn tala frå kostnadsoverslaget.

Hovudpost	Budsjett i søknaden				Rekneskap				
	1) Sum kjøpte varer og tenester	2) Mva. på kjøpte varer og tenester	3) Verdi av dugnad, gáver og rabattar	Sum totalverdi 1+2+3	Kjøpte varer og tenester	Betalt mva.	Sum betalte utgifter	Verdi av dugnad, gáver og rabattar	Sum totalverdi
<b>Utgifter som gir rett til tilskot</b>									
1 Grøfter / Grøfting	22 000	5 500	75 000	102 500	38 298	9 574	47 872	80 657	128 529
2 Kabel, rør og leidningar	73 200	18 300	39 300	130 800	122 767	30 692	153 459	107 000	260 459
3 Mekanisk løft skiver	80 000	20 000	38 940	138 940	57 758	14 439	72 197	22 895	95 092
4 Kopl.skap og el. skiver	395 000	98 750	92 800	586 550	393 007	98 252	491 259	92 800	584 059
5 Lem over skiver	105 000	26 250	71 000	202 250	132 483	33 121	165 604	71 000	236 604
6 Kopl og el. komponenter	38 400	9 600	48 000	48 000	51 254	12 813	64 067	33 750	97 817
7 Vegtraséen	12 000	3 000		15 000	15 250	3 812	19 062		19 062
8 Masseutskifting, m.m.	172 800	43 200		216 000	134 074	33 518	167 592	2 150	169 742
9 Standplassbuder	51 000	12 750	24 000	87 750	46 774	11 694	58 468	62 958	121 426
10 Materialkostnader elles				0	32 022	8 005	40 027		40 027
11 Kulefangere mm	99 000	24 750	31 500	155 250	104 145	26 036	130 181	31 500	161 681
12 Godkjenningar			14 000	14 000			0		0
13 Administr./planlegging			70 000	70 000			0	41 800	41 800
14 Fraktkostnader, transport	11 700	2 925		14 625	336	84	420	8 336	8 756
15				0			0		0
16				0			0		0
17				0			0		0
18				0			0		0
19				0			0		0
20				0			0		0
21				0			0		0
22				0			0		0
23				0			0		0
24				0			0		0
25				0			0		0
26				0			0		0
27				0			0		0
28				0			0		0
29				0			0		0
30				0			0		0
<b>Sum</b>	<b>1 060 100</b>	<b>265 025</b>	<b>456 540</b>	<b>1 781 665</b>	<b>1 128 168</b>	<b>282 040</b>	<b>1 410 208</b>	<b>554 846</b>	<b>1 965 054</b>
<b>Utgifter som ikkje gir rett til tilskot</b>									
1 Publikumsvisning	30 000	7 500	9 000	46 500			-		-
2				-			-		-
3				-			-		-
4				-			-		-
5				-			-		-
6				-			-		-
7				-			-		-
8				-			-		-
9				-			-		-
10				-			-		-
11				-			-		-
12				-			-		-
13				-			-		-
14				-			-		-
15				-			-		-
<b>Sum</b>	<b>30 000</b>	<b>7 500</b>	<b>9 000</b>	<b>46 500</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>Samla utgifter</b>				<b>1 828 165</b>			<b>1 410 208</b>		<b>1 965 054</b>

Felt som skal fyllast ut ved søknad om mva-kompensasjon:

Betalt mva.*	282040
Frádragsgodkjend mva.*	
Mva. det kan søkjast om kompensasjon for	282040

\* Betalt mva. for utgifter som gir rett til tilskot

\* Frádragsgodkjend mva. er inngáande mva. som kan førast som frádrag i det ordinære avgiftsoppgjeret for dei søkjarane som er registrert i mva-registeret



Ålfoten Skyttarlag  
v/Leiar Rune Verlo

6737 ÅLFOTEN

Ålfoten, 15. aug. 2014

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Kulturavdelinga  
Postboks 173  
6801 FØRDE

**Anleggsnr. 1438 0015 01, Karlskaret Skytebaneanlegg, Ålfoten Skyttarlag, 1438 Bremanger**

Ovannemnde anlegg er slutført og ferdigstilt, og er gjennomført i samsvar med planar og søknad om spelemidlar. Sjølv om anlegget er blitt noko dyrare enn først rekna med, er anlegget gjennomført i samsvar med dei planar som låg føre i søknad. Dette prosjektet har vore ei økonomisk utfordring for eit forholdsvis lite skyttarlag, men det er brukt vesentleg meir i dugnadstimer enn først rekna med, og i tillegg har vi vore heldige og fått tilkjørt ein del masse frå entreprenør som har hatt gåande andre anlegg i dalføret. Totalkostnaden i anlegget utgjer kr. 1965.054,-, inkl. betalt moms med 282.040,-, og samla dugnader, gåver og rabattar, etc., med kr.554.846,-.

Anlegget er gjeve tilsagn med spelemidlar med inntil kr. 594.000,-. Det er utbetalt, og inntektsført i anlegget, kr. 475.000,- av dette, slik at uteståande spelemidlar i høve tilsagn utgjer kr. 119.000,-, som vi no tør be om blir overført til Ålfoten Skyttarlag sin bankkonto, **konto 3705.09.21639**.

Karlskaret Skytebaneanlegg framstår i dag som eit flott skytebaneanlegg, i rimeleg avstand frå alle bygder og grender i Bremanger kommune, etter at Rv 616 og tunnelen Bortne – Langesi vart ein realitet og knytte grendene nærmare saman. Vi er godt nøgde med den moderniseringa som har funne stad på anlegget gjennom dette spelmiddelprosjektet.

Vi sender over sluttrekneskap og rekneskapssamandrag for prosjektet, via kommunen sin kultursjef og kommunerevisjonen, og tør be om at uteståande spelemidlar kan overførast til vår konto med det første.

Vi takker for tilskotsmidlane til prosjektet. Utan desse midlane ville det vore vanskeleg å kunne realisere det som no er gjort. Skulle noko vere uklart, eller det er spørsmål, ta gjerne kontakt.

Med helsing  
for Ålfoten Skyttarlag

*Rune Verlo*  
Rune Verlo,  
Leiar.



*Vedlegg, Sluttrekneskap, d. 15/8-14*



Ålfoten Skyttarlag  
Helge Bruvoll  
6737 ÅLFOTEN

28.06.2012

Deres ref.:

Saksbehandler:  
Bjarte Solaas

Søknadsnr: 12/00280  
Arkiv nr:

**FORDELING AV MIDLAR TIL IDRETTSANLEGG 2012 - TILSEGN OM ORDINÆRE  
MIDLAR TIL ANLEGGSNR 1438 0015 01 KARLSKARET  
SKYTEBANE - BREMANGER  
KOMMUNE.**

Vi viser til søknad om tilskot til nemnde anlegg.

Ved fordeling av spelemidler vart søknaden imøtekomen med eit tilskot på  
**kr 594 000.**

Generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

1. Det kan søkjast om delutbetaling når anleggsarbeida er kome godt i gang. Søknad om delutbetaling må innehalde eit delrekneskap og ein statusrapport med kommunal stadfesting på framdrifta av anlegget.
2. Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert teke ut innan 2 år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie datoen på tilsegnsbrevet, vert inndrege.
3. Sluttutbetaling vert ikkje gjort før kontrollert rekneskap er sendt inn saman med kommunal stadfesting på at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar. Kommunerevisor må kontrollere rekneskap ved tilsegn om tilskot over kr 100 000,-. For kart skal i tillegg eit eksemplar av kartet leggst ved.
4. Alle utbetalingar skjer via den kommunen der anlegget er fysisk plassert.
5. Dersom det gjeld fornying av søknad, skal denne leverast på elektronisk skjema. Orientering om byggearbeidet og førebels rekneskapsoversikt skal leggst med, sjå V-0732. Dersom anlegget er ferdigstilt, skal kontrollert rekneskap leggst ved søknaden.

Vidare viser vi til føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732.




Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkjarar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Klageskjema finn ein på sida <http://www.signform.no/dss/>

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
fylkesdirektør

  
Hildegunn Aamot Dahl  
konsulent

Kopi: Bremanger kommune



# BREMANGER KOMMUNE

## ADMINISTRASJONSSJEF

Kontrollutvalet

Vår ref.  
14/1585-4/K1-//GRO

Dykkar ref.

Dato:  
03.07.2014

## Orientering i høve Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane

### Bakgrunn:

I tilsyn med Bremanger kommune, 16.05.2012, (ref. 2012/800 – 611) vart det avdekket to avvik etter tilsynet.

### Avvik 1:

**Bremanger kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova.**

### Barnehagelova: Kapittel IV. Barnehagemyndighetens generelle oppgaver mv.

#### § 10. Godkjenning

*«Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf. §§ 1, 1a og 2.*

*Kommunen kan ved godkjenningen sette vilkår for driften med hensyn til antall barn, barnas alder og oppholdstid.*

*Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.»*

### Avvik 2:

**Bremanger kommune manglar rutinar for tilsyn med at barnehagane driv i samsvar med barnehagelova.**

#### § 16. Tilsyn

*«Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov.*

*Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.*

---

Kontoradresse:  
Rådhuset  
6721 SVELGEN

Postadresse:  
Postboks 104  
6721 SVELGEN

Telefon / telefaks:  
57 79 63 01

E-post / web:  
gro.bakke.abildsnes@bremanger.kommune.no  
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:  
3776.07.50035

*I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt.*

*Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.»*

Fristen for lukking av avvik var 19.10.2012

Det vart etter tilsynet laga «Plan for tilsyn av barnehagar i Bremanger kommune». Slik sett er avvik 2 lukka og kravet i § 16 om å føre tilsyn med barnehagane, er stetta.

For lukking av avvik 2 er det sett i gang ein lengre prosess. For gjennomføring og godkjenning av barnehagane, vert det også stilt krav om godkjenning etter anna regelverk som m.a. «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular». Denne godkjenninga må ligge ved.

Delar av tilsynet vart i første omgang gjort av Miljøretta helsevern i Bremanger kommune, ved Eli-Katrin Kirkeeide, men vart sidan overført til Flora kommune og Folkehelseavdelinga der. Dette arbeidet gjekk noko trått i byrjinga, men etter at Folkehelseavdelinga i Flora tok over, har det gått mykje raskare.

#### **Status pr. 04.07.2014**

Barnehage:	Godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern	Tiltak før godkjenning	Godkjent av kommunen
Davik	27.01.2014	Ok	05.12.2012
Kolset	02.07.2014	Ok	30.11.2012
Ålfoten	Manglar endeleg	Radonmålingar	30.11.2012
Stasjonen	Manglar endeleg	Radonmålingar	14.03.2013
Svelgen	Manglar endeleg	Radonmålingar	Ikkje godkjend
Langeneset	Manglar endeleg	Støyproblem	Ikkje godkjend
Kalvåg	Manglar endeleg	Planar for ombygging m.m.	Ikkje godkjent

Underteikna har pr. korrespondanse med Fylkesmannen på e-post fått frist til å godkjenne Svelgen, Langeneset og Kalvåg barnehagar til endeleg godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern er på plass.

Med helsing

Gro Abildsnes  
kommunalsjef

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Bremanger kontrollutval	<b>Møtedato</b> 03.09.2014	<b>Saksnr</b> 021/14
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-217, Komnr-1438	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/148
---	-------------------------------------	-------------------------------

## Forvaltningsrevisjon: Prosjektrapportering og oppfølging - orientering

### Vedlegg:

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Saka vert lagt fram utan tilråding.

...

### Saksutgreiing:

Viser til utvalet sitt vedtak under oppfølgingsliste (17/14) i førre møte:

*Utvalet ønskjer orientering om status i forvaltningsrevisjonsprosjekt frå Kryss revisjon på neste møte.*

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Bremanger kontrollutval	<b>Møtedato</b> 03.09.2014	<b>Saksnr</b> 022/14
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-170, Komnr-1438	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/149
---	-------------------------------------	-------------------------------

## Kvalitets- og avvikssystem - orientering

### Vedlegg:

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Saka vert lagt fram utan tilråding.

...

### Saksutgreiing:

Vi viser tilutvalet sitt vedtak under eventuelt (18/14) i førre møte:

*Kontrollutvalet kallar rådmannen inn til neste utvalsmøte for å orientere om kvalitets- og avvikssystem. Kva gjer rådmannen for å sikre at dette både er utvikla og at systemet vert følgt opp? Utvalet ønskjer ei skriftleg orientering i forkant av møtet.*

# NOTAT

Til: Kontrollutvalet

Frå: Rådmann

Dato: 26.08.2014

## KVALITETS- OG AVVIKSSYSTEM I BREMANGER KOMMUNE

### Bakgrunn

Rådmannen er beden om å orientere om kommunen sitt kvalitets- og avvikssystem og kva han gjer for å sikre at dette både er utvikla og at systemet vert følgt opp.

### Status

Store delar av kommunen si verksemd er regulert av lov og forskrift og det er utarbeidd regelverk og skriftlege rutinar som skal sikre at desse vert følgde. Kommunen vert og jamleg kontrollert av overordna mynde (fylkesmannen og arbeidstilsynet) innanfor ulike område og det vert då fokusert på skriftleg dokumentasjon og rutinar.

Den største utfordringa med dagens system er at det er «manuelt» - i den forstand at det ikkje er eit godt nok system som sikrar gjennomgang/revisjon/vedlikehald av rutinar. Avvikssystemet er og manuelt og rådmann vil vanskeleg kunne ha kontroll med at avvik vert følgd opp på alle nivå i kommuneorganisasjonen. Dette er ikkje tilfredsstillande i høve til å oppfylle krava nedfelt i kommuneloven § 23:

*«Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll»*

Vi er derfor i ferd med å implementere eit nytt elektronisk kvalitets- og avvikssystem i organisasjonen – Kvalitetslosen.

### Systemet - Kvalitetslosen

Kvalitetslosen er eit nettbasert system der tilsette skal finne dokument som gjeld heile organisasjonen. Desse er samla i eit elektronisk bibliotek og blir årleg reviderte. M.o.t. ajourhald ligg det inne elektronisk varslings.

I Kvalitetslosen ligg også eit elektronisk avvikssystem. Avvik som blir melde her, saman med rapport og statistikkfunksjonar, dannar grunnlag for kvalitetsforbetringar innanfor tenesteproduksjon, HMS-arbeid og andre forhold innanfor organisasjonen.

Kvalitetssystemet skal setje ein felles standard for kvalitetsutvikling og kvalitetssikring for alle tilsette og mottakarar av tenester frå Bremanger kommune. Systemet vil og vere eit verktøy i den daglege leiinga av kommunen.

For dei tilsette vil systemet tene særleg to funksjonar:

- finne prosedyrar og rutinebeskrivingar til hjelp i eigen arbeidssituasjon
- melde avvik ved brot på prosedyrar, rutinar og lovverk og følgje saksgong på eigne melde avvik
- lese og utføre sine oppgåver og kvittere for leste dokument i leselista

Leiarar vil i tillegg kunne lage og godkjenne prosedyrar og rutinebeskrivingar innanfor eiga eining og ta imot/lukke/sendje vidare avviksmeldingar frå dei tilsette. Avvik som ikkje vert lukka innan fristen på eit nivå, vil gå vidare til leiar på neste nivå.

Alle tilsette vil få tildelt brukarnamn og passord på arbeidsstaden og tilgang til relevante dokument/funksjonar.


### **Implementering**

Kvar sektor er ansvarleg for å legge inn kvalitetsdokument for sine tenester.

Dette er eit omfattande arbeid som no pågår. Vi held på med innlegging dokument på overordna nivå (HMT m.m) samt helse- og omsorg og oppvekst. Når disse er på plass vil vi følge på med dei andre sektorane.

Systema vil fortløpande bli «opna» for dei tilsette når kvalitetsbiblioteket på respektive eining/sektor og grunnleggjande opplæring er på plass.

Heile kommuneorganisasjonen skal vere oppe å gå innan utgangen av 2015. Det vil og bli utarbeidd ei eiga «kvalitetshandbok» som vil skildre funksjonar og organisering av kvalitetssystemet.



Tom Joensen  
rådmann

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Bremanger kontrollutval	<b>Møtedato</b> 03.09.2014	<b>Saksnr</b> 023/14
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-042, Komnr-1438	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/192
---	-------------------------------------	-------------------------------

## Klage knytt til til habilitet i formannskapet ved handsaming av uttale i kraftlinesaka

### Vedlegg:

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Saka vert lagt fram som orienteringssak utan tilråding.

...

### Saksutgreiing:

Saka vert sett opp som orienterings- og drøftingssak med informasjon frå rådmannen.



# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Bremanger kontrollutval	<b>Møtedato</b> 03.09.2014	<b>Saksnr</b> 024/14
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-033, Komnr-1438	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/147
---	-------------------------------------	-------------------------------

## Fiskerikai i Kalvåg / flytekai Leirgulen - orientering

### Vedlegg:

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Saka vert lagt fram utan tilråding.

...

### Saksutgreiing:

Viser til vedtak under Oppfølgingsliste (17/14) i førre møte:

*Utvalet ønskjer skriftleg orietering om status for godkjenning av fiskerikai i Kalvåg og status flytekai Leirgulen før neste møte.*

# NOTAT

Til: Kontrollutvalet

Frå: Rådmann

Dato: 25.08.2014

## KALVÅG FISKERIKAI OG FLYTEKAI I LEIRGULEN

### 1. Bakgrunn

Rådmannen er beden om å gje ei orientering om status for godkjenning av fiskerikai i Kalvåg og status flytekai i Leirgulen.

### 2. FISKERIKAI I KALVÅG

Kommunestyret jorde i sak 071/11 (14.12.11) vedtak om finansiering og prosjektoppstart av Kalvåg Fiskerihamn, kai A. Kostnadskalkyle var 27,7 mill. kroner eks. MVA og byggetid estimert til 16 månader.

Overtaking av kaia skjedde 22.04.2013 med ei mangelliste på 14 pkt. som skulle rettast opp innan gjevne tidsfrister. Kaia vart opna med stor markering 3. mai 2013.

Etter opninga oppdaga prosjektleiar fleire forhold som ein valde å reklamere på og som ikkje vart følgt opp tilfredsstillende fra totalentreprenøren si side. Dette starta ein lang prosess som enno ikkje er fullført og det har ført til at kaia ikke kunne nyttast som planlagd. Kommunen har engasjer ein advokat som bistår i oppfølging av saka . Ei av årsakene at saka har drøyd ut i tid er m.a. at entreprenør har retta

#### 2.1 Reklamasjonane

Reklamasjonane omfattar m.a. følgjande forhold:

##### 2.1.1 Fylling/plastring

- Den går ikkje djupt nok
- Det manglar stadvis stein i den
- Parti av plastringa har rast ut, nokre stader heilt fram til kailinja

Det er her stilt krav til totalentreprenøren om dokumentasjon på at plastringa er i samsvar med kontrakten.

##### 2.1.2 Pelar/dybler

Vi krev som bygget-dokumentasjon som inneheld målsette detaljteikningar som viser at dybler er montert.

Vidare er det manglande overdekking av armeringa av pelar.

### **2.2.2 Pullertar**

Til tross for at teikningsgrunnlaget viser at pullertene skulle monterast med 1000 mm innfestingsboltar, er desse levert med boltar på ca. 540 mm. I tillegg synast dragarar å mangle to til tre sett med armeringsbøylar, samstundes som noko armering i dragarar synast fjerna i forbindelse med montering av pullerter.

Vi krev dokumentert at det er tilstrekkelig armering og styrke i tilknytning til pullertane og dragarar.

### **2.2.3 Betongarbeid**

Det vart allereie i samband med synfaring 21. juni 2013 peika på at det var naudsynt å injisere i støypeskjøyter for å få det tett rundt gjennomgåande armering. Det er her føreteke ei viss injisering med epoxy ved at det er laga ein fuge i toppdekket. Dette er ikkje tilfredsstillande og vi krev dette utbetra ved bruk av anna og sikker metode.

### **2.3 Krav om dagmulkt**

Kommunen sende krav om dagmulkt basert på at vi, til tross for den formelle overtakinga, ikkje kunne nytte kaia.

Formelt er dette vanskelig å krevje når kaia er overteke. Situasjonen i dette tilfellet er vel at overtaking ikkje skulle vore gjennomført dersom vi hadde visst det vi ble klar over straks etter overtaking. I den samanhengen har vi teke atterhald om å krevje erstatning for det tap som følgjer av mangelsituasjonen rundt kaia.

### **2.4 Status pr. dato**

Vi har fått aksept for at entreprenør skal utbetre forholda som det er reklamert på og at det skal leggjast fram tilfredsstillande dokumentasjon på utført arbeid. Dette ventar vi framleis på og advokaten vår vil no purre dette opp.

Parallelt vurderer ein no å gje mellombels bruksløyve, men med restriksjon m.o.t. seilingsdybde.

### **3. FLYTEKAI I LEIRGULEN**

Ekspressbåtkaia i Leirgulen er privat og kommunen (Bremanger Hamn og Næring KF) har, for å sikre ekspressbåtstoppet, hatt ei avtale med eigar om å halde kaien i tilfredsstillande stand. Dette har vore dekkja via hamnekassa, som har hatt har inntekter på anløpsavgift på kaia, jf. vedteke hamneregulativ.

#### **3.1 Reguleringsplan**

Det vart etter vedtak i Plan- og utviklingsutvalet den 25.09.2007 utarbeidd reguleringsplan for ny kai i Leirgulen. Bakgrunnen for vedtaket var at ein ynskte å bruke massar frå Bremangersambandet II og manglar med eksisterande kai og fasilitetar rundt denne.

Med bakgrunn i at Statens vegvesen ønskte endeleg svar frå kommunen om kommunen skulle nytte tunellmassar til å fylle i samsvar med vedteken reguleringsplan for ny kai i Leirgulen vart saka handsama av formannskapet den 23.03.2010, sak 050/10. Det vart då fatta samrøystes vedtak om å ikkje ta imot tunellmassen. Bakgrunn for vedtaket var m.a. at det ikkje var avsett midlar til å fullføre prosjektet og at grunneigar ikkje ønska ei fylling som ikkje kunne ferdigstillast.

Spørsmål kring saka vart reist på nytt i kommunestyret den 27.04.2010 og administrasjonen fekk i oppdrag å greie saka ut på nytt med utgangspunkt i ei stegvis utvikling av prosjektet. Dette arbeidet resulterte i eit vedtak om økonomisk løyving (KST-030/10) som danna grunnlag for etablering av fyllinga i Leirgulen. Løyvinga omfatta grunnkjøp, grunnundersøkingar, detaljplanlegging og plastring.

Kostnader på ei utbygging av fylling og kai i samsvar med reguleringsplanen var opphavleg kalkulert til totalt 13,8 mill. kroner. Av dette var verdien på fylling i sjø, komprimert, stipulert til 3,8 mill. M.a.o. var estimert restfinansiering, inkl. flytekai (40\*6 m) er ca. 10. mill.

#### **3.2 Flytekaia**

I samband med at ein i 2011 vart kjend med at den private kaien i Leirgulen skulle skifte eigar, og både reiarlag og hamnevesenet vurderte den eksisterande kaia som lite framtidsretta og i dårleg stand, sette dåverande hamnestyre i gang ein prosess med å sjå på alternative løysingar. M.a. gjekk ein i marknaden for å finne rimelege, brukte flytekaier som kunne nyttast i tråd med vedteken reguleringsplan. Poenget var her og at kaia skulle finansierast over hamnekassa.

Bremanger Hamn og Næring KF fekk m.a. eit tilbod frå Nærøy Marin AS om ein betongflåte på 12\*18 meter med påståande bygg. Hamnekonsulenten var i kontakt med ekspressbåtreiarlaget m.o.t. avklaring om kaia var tilfredsstillande. Dette fekk ein stadfesta og i april 2012 vart det inngått avtale om kjøp av flytekaia. Bremanger Hamn og Næring KF vart avvikla 31.12.2012.

I ettertid har det vore mykje fram og tilbake om kor godt egna den aktuelle kaia verkeleg er. M.a. har ikkje tatt høgde for nye reglar for NS9415, sertifisering/godkjenning etter Norsk standard for terminaler av persontransport. Desse inneberer m.a. at ein må ha lokalitetsanalyse, klassifisering, inspeksjon, forankringsanalyse og endeleg godkjenning/sertifisering av flytekai til bruk som terminal/kai for anløp av hurtigbåtar med persontrafikk. Og Nærøy Marin AS som forankra opp flytekaia i Leirgulen hadde ikkje godkjent anleggs sertifikat til persontrafikk – person/fartøy.

NORLED AS og FJORD 1 som er operatøren for persontransporttenestene med hurtigbåt i Bremanger kommune sitt sjøområde har vore med i heile prosessen med å planlegge ny offentleg kai i Leirgulen. Innspelet frå operatørane er at flytekaia slik som den ligg i dag ikkje

er optimal. Ein må blant anna "avstive" flytekaia med stag, for at kaia skal ligge meir stabilt i sjøen ved ankomst/avreise av fartøy. Kaifronten må byggast opp/forhøyast da fribordet er for lavt i forhold til fartøyet, og det vil vanskeleg gjere om bord- og avstiging for dei reisande. Av omsyn til universell utforming, må ein ha på plass ein "rampe" frå kai til fartøy slik at reisande ikkje må klatre for å kunne nytte kaia.

Ein har no vore i kontakt med firma og personar som har kompetanse på forankring, lokalitetsdata, fartøy, flytekai, fastkai og kostnader på dette. På bakgrunn av dette er har ein vurdert investeringar, driftskostnader, låne behov og inntekter på ulike kai-løysingar i Leirgulen. Hamnestyret hadde saka til handsaming 26.06.2014 og det vart gjort slikt vedtak:


**HMN-016/14 Vedtak:**

- Administrasjonen får i oppdrag å legge flyte kai i Leirgulen ut for sal.
- Administrasjonen får i oppdrag å sjå på løysningar med fast kai, og legge fram eiga sak for dette i kommande hamnestyremøtet 2014.

### 3.3 Status flytekaia

Vi har no gjort kjend at flytekaia er til sals lokalt. Tanken er å selje den til sjølvkost dersom lokale næringsinteresser med gode prosjekt vil kjøpe den. I motsett fall vert den lyst ut i den opne marknaden.

Første møte med lokale interessentar er avtalt 25.08.2014.



Tom Joensen  
rådmann

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Bremanger kontrollutval	<b>Møtedato</b> 03.09.2014	<b>Saksnr</b> 025/14
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-033, Komnr-1438	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/150
---	-------------------------------------	-------------------------------

## Barneverntenesta - orientering

### Vedlegg:

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Saka vert lagt fram utan tilråding.

...

### Saksutgreiing:

Vi viser til utvalet sitt vedtak under eventuelt (18/14) i førre møte:

*Kontrollutvalet ønskjer orientering om barneverntenesta. Fokus på melding og tiltak. Blant anna klargjering av tabellen på side 13 i årsmeldinga og tekst om tal tiltak. Utvalet ønskjer også ei skriftleg orientering med utviklinga hittil i 2014 i forkant av møtet.*



# NOTAT MED OPPFØLGJING PLO/BARNEVERN/HELSE

**Frå:**  
Randi Ytrehus

**Til:**  
Tom Joensen

6721 SVELGEN

**Vår ref.**  
14/1902-1/K1-

**Dato:**  
20.08.2014

## **Orientering som grunnlag for notat til Kontrollutvalet.**

Viser til e-post 4 juni 2014 der det vert bede om informasjon for å svare Kontrollutvalet på følgjande spørsmål:

«Barneverntenesta:

Kontrollutvalet ønskjer orientering om barneverntenesta. Fokus på melding og tiltak. Blant anna klargjering av tabellen på side 13 i årsmeldinga og tekst om tal tiltak. Utvalet ønskjer også ei skriftleg orientering med utviklinga hittil i 2014 i forkant av møtet.»

### **1. Orientering om barnevernteneste med fokus på melding og tiltak:**

Bremanger kommune har organisert eiga barnevernteneste med 4,2 årsverk inkl. merkantil funksjon (40%) og prosjektstilling (30%). Tenesta er organisert under eininga Familile og Helse. Det er tilsett eigan fagleiar på barnevern.

Klargjering av tabellen på side 13 i årsmeldinga og tekst om tal tiltak:

#### **2012:**

Pnkt. Hjelpetiltak (32 barn): Ved gjennomgang av bakgrunns materialet kjem det fram at talet er summen av barn under omsorg og hjelpetiltak. Rette tal i 2012 er: Meldingar 26, hjelpetiltak 21 og barn, barn under omsorg 11 og tilsyn i fosterheimar er 10.

#### **2013:**

Pnkt. Meldingar (34): Ved gjennomgang av bakgrunns materialet kjem det fram at talet skal vere 32.

Tabellen skal derfor sjå slik ut:

<b>Barnevern</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>Endring</b>
Meldingar	26	32	6
Hjelpetiltak	21	16	-5
Barn under omsorg	11	11	-
Tilsyn i fosterheimar	11 (10*)	10 (9*)	-1

- \* Tal i parentes er barn frå andre kommunar som bur i fosterheim i Bremanger.

Av dei 32 meldingane i 2013 vart 10 av desse lagt bort utan å opprette undersøkingssak. I 4 av meldingane vart det nytta settekommune og 5 av meldingane vart lagt bort utan tiltak.

## 2.Orientering av utvikling så langt i 2014

<b>Barnevern, august 2014</b>	
Meldingar	14
Hjelpetiltak	14 (-2)
Barn under omsorg	13 (+2)
Tilsyn i fosterheimar	12 (+2)

Det er engasjert sakkunnig i fleire av dei sakene (meldingane i 2014) for å greie ut omsorgsovertaking.

Dei som har meldt saker i 2014 er: Helsestasjon, skule, Familiekontor, NAV og barnehage. Barneverntenesta har også opna undersøking i fleire saker på eige initiativ.

Hjelpetiltak: Tiltak sett i verk er: Råd og rettleiing, miljøarbeidar i heimen, frivilljug plassering i fosterheim. Nokre hjelpetiltak er avslutta med grunnlag i at føresett ikkje ønskjer vidare tiltak eller at naudsynt endring er oppnådd.

Omsorgstiltak: Barneverntenesta har overteke omsorgen for ytterlegare 2 barn i 2014. Vi har fleire ankesaker som vert beramma hausten 2014.

I høve KOSTRA tala for 2011,2012 og 2013 ligg Bremanger kommune noko under landssnittet og under kommunegruppe 5 i samanlikning av barn mellom 0-17 år med barneverntiltak, både hjelpetiltak og omsorgstiltak samla:

	<b>Bremanger</b>	<b>KG05</b>	<b>Landssnitt</b>
2011	4,3%	5,3%	4,7%
2012	3,7%	0,0%	4,8%
2013	4,0%	4,6%	4,8%



Utviklinga viser nokre færre hjelpetiltak og fleire omsorgstiltak i tenesta fram til no i 2014. Det er vanskeleg å vurdere eller trekke spesifikke konklusjonar ut av tala frå 2011 og fram til og med 2013 då dette er små tal og ikkje veldig variable i høve andre kommunar vi vert samanlikna med.

Tendensen i utviklinga er færre hjelpetiltak og fleire omsorgstiltak. Omsorgstiltaka er oftast meir arbeids – og ressurskrevjande enn hjelpetiltak.

Med venleg helsing

Randi Ytrehus  
-Kommunalsjef-

# SEKOM-sekretariat

<b>Saksgang</b> Bremanger kontrollutval	<b>Møtedato</b> 03.09.2014	<b>Saksnr</b> 026/14
--	-------------------------------	-------------------------

<b>Sakshandsamar:</b> Arnar Helgheim	<b>Arkiv:</b> FE-040, Komnr-1438	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/146
---	-------------------------------------	-------------------------------

## Oppfølgingsliste og merknader 3 - 2014

### Vedlegg:

### Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

### Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
05/09 Kontrollutvals- arbeid tiltak	18.03.09	18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomførast. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm -Tertialrapportar -Tilsynsrapportar
021/13 Orientering – om Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane.	27.05.13	27.05.13 Vedtak KU: Orientering vert teken til vitande Kommunalsjef oppvekstsektoren orienterte: - Har ikkje fått tilbakemelding frå innleigd konsulent om Svelgen Barnehage, Langnes Barnehage og Kalvåg Barnehage. - Håpar også å få med skulane i den endelege godkjenninga. - Ingen endeleg frist frå Fylkesmannen. - Samarbeider no med Flora kommune med godkjenning av barnehagar.  27.5.14: Etterlyst svar i e-post til Bremanger kommune
035/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt: prosjektrapportering og oppfølging - Tinging	27.11.13	Vedtak: Tinginga for prosjektet: Prosjektrapportering og oppfølging, vert godkjent med endra leveringsdato til 1. oktober 2014. Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. Utkast til tinging av neste forvaltningsrevisjonsprosjekt vert lagt fram i oktober 2014.

		27.11.2013 sendt KRYSS revisjon
05/14 Orientering – Status i arbeidet med innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune.	03.02.14	(Oppfølging av sak 24/13 og 36/13) Vedtak: Informasjon frå rådmannen om status i høve til innkjøpsfunksjonen i kommunen vert teke til vitande.
08/14 Eventuelt	03.02.14	Vedtak; 1.Joar Årøen stilte spørsmål om fiskerikar i Kalvåg. Rådmann Tom Joensen informerte om manglar ved fiskerikar i Kalvåg. 2.Kontrollutvalet ber om å få orientering om avstand frå heim til base i Heimesjukepleien. Rådmann Tom Joensen informerte.
11/14 Årsrekneskapen 2013 – Bremanger kommune	27.5.14	Vedtak: Uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2013 for Bremanger kommune vert vedteken.  Kontrollutvalet rår til at rekneskapen for Bremanger kommune vert godkjent slik han ligg føre.  27.5.14: Sendt saman med uttale til Bremanger kommune. 19.6.14: Godkjent av kommunestyret.
12/14 Årsrekneskapen 2013 – Frøysjøterminalen KF	27.5.14	Vedtak: Kontrollutvalet rår til at årsrekneskapen 2013 for Frøysjøterminalen KF vert godkjent slik han ligg føre.  27.5.14: Sendt til Bremanger kommune 19.6.14: Godkjent av kommunestyret.
13/14 Årsrekneskapen 2013 – Bremangerhallen	27.5.14	Vedtak: Kontrollutvalet rår til at årsrekneskapen 2013 for Bremangerhallen vert godkjent slik han ligg føre.  27.5.14: Sendt til Bremanger kommune 19.6.14: Godkjent av kommunestyret.
14/14 Årsrekneskapen 2013 – Svelgen idrettshus	27.5.14	Vedtak: Kontrollutvalet rår til at årsrekneskapen 2013 for Svelgen idrettshus vert godkjent slik han ligg føre.  27.5.14: Sendt til Bremanger kommune 19.6.14: Godkjent av kommunestyret.
15/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet	27.5.14	Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet vert vedteken.  27.5.14: Sendt til Bremanger kommune saman med årsmeldinga for handsaming. 19.6.14: Godkjent av kommunestyret.
16/14 Møteplan – endring	27.5.14	Møter resten av 2014: 3. september (endra frå 2. september) 16. oktober 27. november Møtetid: kl 9.30 – 12.00

17/14 Oppfølgingsliste 2 – 2014	27.5.14	<p>Utvalet etterlyser svar på sak 21/13 om Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane.</p> <p>Utvalet ønsker orientering om status i forvaltningsrevisjonsprosjekt frå Kryss revisjon på neste møte.</p> <p>Utvalet ønsker skriftleg orietering om status for godkjenning av fiskerikar i Kalvåg og status flytekai Leirgulen før neste møte.</p> <p>27.5.14: Sendt til rådmannen med innkalling til møte 3.9. og bedt om skriftleg orientering seinast 25.8. I same e-post: Innkalling til forvaltningsrevisor.</p>
18/14 Eventuelt	27.5.14	<p>Kontrollutvalet kallar rådmannen inn til neste utvalsmøte for å orientere om kvalitets- og avvikssystem. Kva gjer rådmannen for å sikre at dette både er utvikla og at systemet vert følgt opp? Utvalet ønsker ei skriftleg orientering i forkant av møtet.</p> <p>Kontrollutvalet ønsker orientering om barneverntenesta. Fokus på melding og tiltak. Blant anna klargjering av tabellen på side 13 i årsmeldinga og tekst om tal tiltak. Utvalet ønsker også ei skriftleg orientering med utviklinga hittil i 2014 i forkant av møtet.</p> <p>27.5.14: Sendt til rådmannen med innkalling til møte 3.9. og bedt om skriftleg orientering seinast 25.8</p>